

Dikt til minne um Håkon den gode *Tone: At far min kunde gjera...*

Han kom og vilde rydja
den seige norske jord,
han kom og vilde byggja
kristkyrkja høgt mot nord,
han kom og vilde brjota
den harde heidne is,
so gras her kunde skjota
til Jesu Kristi pris,

Han kom og vilde vera
den fyrste merkesmann
for kristi ljose læra
i Norigs myrke land.
Han vilde bjoda frelsa,
han vilde lysa grid
og gjeva folket helsa
og kraft til livsens strid.

So stolt ein draum han drøynde
for Norig, for sitt land:
ein vaar som fagert fløynde
fraa høgtind ned til strand,
ein vaar med song kvitring,
og brus fraa elv og foss
og sol og straale-glitring
i glans fraa Kristi-kross.

Men kald gjekk vintervinden
med sukk i snøtung lid,
og toka dreiv kring tinden;
det var so myrk ei tid.
og villt som sterke fossen,
det braut av hat og harm
mot han som lyfte krossen
i ungdomsdjerve arm.

Daa brast det unge modet,
den djerve armen seig,
og is der gjekk i blodet,
og all hans von laag feig.
Han stridde for det same,
man vann kje fram sitt verk:
her var for kaldt i landet,
og lygni var for sterk.

Han var den fyrste blomen
som spratt i Norigs jord,
den fyrste linne ljomen
av klokkaklang her nord,
det fyrste skimt av rode
fraa Norigs største vaar;
og nemnd han vart den gode
ned gjennom tusund aar.

Nils Økland

*Dette diktet vart prenta i programmet for
Håkonarstemna på Seim Den 18. juli 1920*

Målmannen utvidar

Sidan Målmannen tok til å koma ut i 2002 hev ambisjonsnivået vårt vore å få ut 4 nummer i året. Den seinste tidi hev det vore ein aukande pågang av skribentar og fleire faste tingarar hev oppmoda oss um å gjeva ut bladet oftare. Bladstyret hev ikkje kome til nokor klår avgjerd enno, men truleg vil me anten utvida sidetalet frå 16 til 20 eller auka utgjevingsruta frå 4 til 5 nummer i året. Fyresetnaden for dette er at bladet ber seg økonomisk med dei aukande prente- og portokostnadene som fylgjer med. I dette nummeret av Målmannen legg me difor ved giro til å svara bladpengar for 2007. Bladpengane vert no som tidlegare 150 kr i året, men ei gåva til bladet, liti eller stor, vil koma godt med um lesarane skal få eit endå betre tilbod enn de hev i dag.

I dette nummeret:

Olav Torheim:	Høgnorsk i herstellet	s. 2
Olav Torheim:	Nynorskdiskriminering - prisen for mislukka integrering?	s. 3
Thoralf Bergwitz:	Grenland eller Telemark?	s. 3
Olav Torheim:	Mikromaskinane, dei fyrste heimedatamaskinane	s. 6
Lars Bjarne Marøy:	Framifrå yversyn yver Balkans historie	s. 9
Lars-Toralf Storstrand:	Colum Cille - Ein stridsmann for keltisk kristendom	s. 13

Høgnorsk i herstelllet

Av Olav Torheim

Høgnorsk i herstelllet - det er det nok helder lite av. Men det hev ikkje alltid vore slik. Til dømes so ropa dei gamle nynorskoffiserane i Forsvaret "Gjev gaum" for "Giv akt" når dei skulle få ein soldat-tropp til å standa rett. Gode mål-menn og yrkesmilitære som Einar Sagen og Edvard Os lagde i si tid ned eit stort arbeid for å gjera norsken til hermål, og dei leivna etter seg mange gode bøker og rettleidingsskrifter.

Nett i det militære skulde ein tru det var gode vokstervilkår for det norske målet. Den stutte og greide nynorske målføringi hev store fyremuner framfor det kronglute dansk-tyske kansellimålet som i dag rår grunnen. Det store virvaret av styttingar i dagsens hermål, MBK, KTS, BV, BF, TS osv er klåre teikn på det. Eller som kaptein Einar Sagen sagde det i 1910:

Når me les upp ei fyreségn for herfolket på eksismoarne, so er det mange, som alt fyrehands gjeng ut ifrå, at mannskapet inkje skynar meiningi. Når dei hev lese fyresegni upp, so fortel dei etterpå i ei folkeleg form, kva det var, dei las. Dette gjer dei som noko, som skal so vera, og eg trur; dei færraste tenkjer på, at det i grunnen er meiningslaust. Det burde helst vera sjølvsagt, at ei fyresegn, som norske herfolk skal fylgja, ho burde vera frambori i ei slik form, at alle skyna meiningi. Ja, du skulde venta ei form so framifrå fin, at upplesaren inkje kunde gjera ho betre på flekken. - For du skal hugsa på, at desse fyresegnerne hev gjenge gjennom fleire hovud, fyrr dei vart prenta.

Ein gong i tidi var det noko som heitte Soldatmållaget, men det er lenge sidan det. Målungdomar som hev vorte kalla inn til fyrstegongstenest hev sumtid tala um å skipa dette laget upp att, som eit reint papirlag, men det hev ikkje vorte med det ein gong. Og med den umskiping i Forsvaret hev vore gjennom dei seinste åri, der invasjon-forsvaret hev vorte nedlagt og bytt ut med innsatsstyrkar til internasjonale operasjonar, er det lite sannsynleg at fleire nynorskforkjemparar let seg rekruttera med det fyrste. Organiserte målfolk flest segjer som kjent nei til USAs krig mot terrorismen og andre "imperialis-



Illustrasjon 1: Det laserstyrte rakettvåpenet Robot-70 vart nytta i lett luftvern fram til 2004.

tiske" åtgjerder.

Når ikkje Noregs Mållag fær gjort noko med problemet, er det me høgnorskarane som lyt taka saki. For nokre år sidan, då eg sjølv var inne, arbeidde eg med å samla materiale til ei eigi ressursida på internett for nynorskbrukarar i det militære. Bøker som "Soldaten i felt", den gamle "Hermannsboki" eller rettleidingsskriftet "Norsk hermål" av kaptein Einar Sagen er alle døme på gode og interessante bøker som kunde vore gjorde tilgjengelege for ålmenta, so sant det opphavsrettslege var ordna.

Papirarbeid er som regel lite populært i det militære. Til å byrja med er det difor ikkje so lurt for oss målvener å reisa krav um parallellutgåvor av alt materiell (jamvel um me ikkje bør slakka av på vår lovfesta rett til å få dette). Fyrst lyt me arbeida for å gjera tilgjengeleg det som alt finst, men som ofta hev lege nedstøva i arkiv og bibliotek.

Dinæst lyt me krevja at ABC-vernfaldarar, KTS-faldarar, AG3-rettledning og andre skrifter som alle soldatar skal få utetla, må liggja fyre på bae mål. Me vil ha nynorsk mål på eksersisplassane og nynorske ekspedisjonsforskrifter på samband! Det som høyrer servåpni til fær koma sidan.

I gamle dagar hadde me blå vernepliktsbøker for nynorskbrukarar og raude for bokmålsfolket. No finst berre den "samnorske" i raudt umslag. Jamvel skytebøkene er målløyvde. I 1999 kom

Soldathandboka ut att for fyrste gongen på mange år. I denne boki var eine helvti på bokmål og hi på nynorsk. Elles finst det so godt som inkje materiell i bruk på nynorsk. Det einaste du fær i eigne nynorske utgåvor no til dags, er innkallingi og krigstenestekortet.

Slik stoda er i dag vert det viktig nok berre å informera um kva slags rettar du faktisk hev som nynorskbrukar. Soldatar som er inne til tenest, vert neitta å nytta nynorsk uppsett for postinstruks og meldingstenest. "Beklager, men postinstruksen må være ordrett", vart eg sjølv fortald.

Korleides skal me so ganga fram dersom me skal vinna det militære for målreisingi? Me bør i alle fall slå fast at Noregs Mållag sitt tidlegare arbeid med soldatmållag hev vore ein fiasko. I militæret skal ein læra å underordna seg, og då er målkamp millom meinige lite populært. I staden lyt me satsa på å få med oss offiserar og andre tilsette i systemet, dei som hev til oppgåva å leggja til rettes for soldatane. Då hev me sikra kontinuiteten i målarbeidet med.

Soldatar og underoffiserar er som regel på militærlivet som ein jobb, men dei som hev gjenge krigsskulen hev ofta upparbeidd seg eit visst medvit um dette med å verna um fridomen og fedrelandet. Kunde me skapa ein vidare refleksjon yver dette, var det kann henda rom for eit målpolitisk gjennomslag? Her høver det å avslutta med endå nokre ord av kaptein Einar Sagen, henta or rettleidingsskriftet "Norsk her-mål":

Ein her kann leggja land under framand stjern; men på landsens mål bit inkje sverdet hans.

Ein her kann valdgå eit folk med våpn i hand; men tyna tjudskapen vinn dei framande fyrst, når folket gløymer sitt gamle mål. Då slitnar alle band. Då sloknar tjudkjensla.

Men - eit folk, som held uppe sitt nationale mål, det kann aldri døy! Og skulde det ein gong siga i kné under framand valdsamt, ja - då er det endå von um ei attreising, for di folket i sitt tjudmål hev eit samlingsmerke, som det kann fylkjast um til strid på ny for tapte fridom og sjølvstende!

Sank ein tingar til
Målmannen!

Nynorskdiskriminering - Prisen for mislukka integrering? Av Olav Torheim

Nynorskkrav kann hindra innvandrara i å få jobb. Det fortel diskrimineringsombudet som ottast at kravet um å kunna svara på både nynorsk og bokmål hindrar innvandrara i å verta tilsette i staten. Ombudet tek no upp saki med Kulturdepartementet, som hev andsvaret for å handhevja mållovi:

"Hvis et krav om at alle ansatte i staten skal beherske begge målformer praktiseres strengt, vil det i praksis føre til at mange personer med minoritetsbakgrunn utelukkes fra ansettelse i staten. Det vil etter vår mening være uakseptabelt", skriv jamstillings- og diskrimineringsombud Beate Gangås i eit brev til departementet. Dagleg leidar i Mirasenteret for innvandrar- og flyktningkvinnor, Fakhra Salimi, sluttar seg til kravet: *"Kravet om å måtte kunne nynorsk i staten bør fjernes, fordi det diskriminerer en stor gruppe minoritetsungdom. Hvis man synes nynorsk er så viktig, bør det være obligatorisk for alle barn i skolen",* seier Salimi ("Nynorskkrav kan hindre innvandrere i å få jobb, Bergens Tidende 21.09.2006).

Me reknar ikkje med noko anna enn at det store fleirtalet av organiserte målfolk vil protestera mot at mållovi lyt skrivast um (jamvel no når det vert argumentert med mangfelde og toleranse og ikkje med effektivisering og praktiske omsyn, slik det er til vanleg). Likevel so er det siste utspelet frå diskrimineringsombudet faktisk berre konsekvensen av ein skakkøyrd innvandrings- og integreringspolitikk som Mållaget sjølve hev studd upp um. Norske styresmakter hev i årevis late innvandrarborn læra "morsmålsundervisning" i staden for sidemål, og dette hev målfolk applaudert både i mållagsfråsegner og i målungdomen sitt eige prinsippprogram.

I tufti åt NMU, som siste gongen vart brigda i 2001, heiter det til dømes at *"NMU står kravet om morsmålsopplæring for framandspråklege. Dette gjev røyndeg høve til å læra om og halda på dei kulturelle røtene sine"*. Og i ei fråsegn vedteki på landsmøtet i 1997 gjeng dei endå lenger. Her heiter det milom anna at *"Landsmøtet i NMU [...] krev at regjeringa legg tilhøva til rette for eit verkeleg fleirkulturelt Noreg der ulikskapane før gode vokstervilkår. [...] Skal dei nye landsmennene våre overleva som*

eigne kulturgrupper er språket avgjerande; utan fullgod opplæring i eige språk vert det uråd å halda banda til eigen kultur." (Landsmøtet i NMU, samla i Nidaros 14.-16. mars 1997)

Me kann ikkje sjå at det skal vera den norske staten si oppgåva å læra norske statsborgarar upp i andre språk enn eitt av dei offisielle, som er bokmål og nynorsk, eventuelt samisk i dei kommunane det skulde vera aktuelt. So lenge målet med flyktning- og innvandringspolitikken ikkje er repatriering, men integrering, er det meiningslaust å driva "morsmålsopplæring" framfor nynorsk i barneskulen.

Det er elles verdt å merka seg at i eit globalt perspektiv er det som i Noreg ofte vert umtala som minoritetsspråk, som dømes arabisk og urdu, faktisk store og tradisjonstunge språk som greider seg heilt fint utan det lovvernet og dei studnadstiltaki som er utforma for å verna eit lite og ungt mål som det nynorske.

Eit argument som hev vorte nytta til studnad for morsmålsopplæring er at det er viktugt reint neuro-lingvistisk. Det vert vandsleg å læra abstrakte termar på eit andrespråk dersom ikkje heilen alt hev ferduglaga "hyllor" som inneheld det same semantiske innhaldet, heiter det. Me skal ikkje ganga inn på nokon diskusjon no um dette argumentet er rett eller ikkje, for det er kor som er irrelevant. Det er ikkje fire-fem-åringar som ikkje hev lært seg å tala som det gjeld, men i 90% av sakene tvert um store ungar og ungdomar som både er fødte i Noreg og talar norsk flytande. Desse ungane og ungdomane treng ikkje meir opplæring i det som i praksis hev vorte eit framandspråk for dei.

Det siste sitatet frå Salimi vil me difor slutta oss til. Kjennskap til norsk språk og kultur er faktisk so viktugt for å verta integrert i det norske samfundet at det bør vera obligatorisk for alle. Å gjeva innvandrarborni fritak frå nynorskundervisning er ikkje integreringsfremjande, men fører tvert um til at dei møter diskriminering seinare i livet, slik jamstillingsombudet no hev ettervist. Og dette problemet må takast ved roti, ikkje med nye tiltak som berre fører til diskriminering av endå større grupper av nordmenn. Fjerning av nynorskfolket sine hardt tilkjempa rettar er definitivt ikkje vegen å gå.

Målmannen

Utgjevar:

Samorganet Målmannen

Tilskrift:

Målmannen
Natland stud. by S136
5081 Bergen

Bladstyar:

Olav Torheim
olaveth@start.no
Tlf 55 28 23 70
Mobil 99 15 64 28

Netstad:

<http://maalmannen.sambandet.no>

Bladpengar kr 150,-

Bankgiro 2291 14 45666

Målmannen fylgjer redaktørplakaten.

Gåvelista

Sidan sist hev Målmannen fenge gåvor frå desse tingarane:

Norsk Israelsenter, 1000 kr, Jostein Krokvik, Fiskåbygd, 400 kr, Christen Krogvig, Oslo, 400 kr, Robert K. Andersson, Hovin, 350 kr, Rannveig Nordhagen, Oslo, 350 kr, Magnhild Lavik Marøy, Bergen, 200 kr, Anna Sunniva Bjordal, Melhus, 150 kr, Laurits Killingbergtrø, Oslo, 150 kr, Arnold Lund, Sandnes, 150 kr, Per Inge Bale, Øvre Årdal, 150 kr, Dag Hagen Berg, Oslo, 150 kr, Thor Helge Langsholt, Oslo, 150 kr, Bjarne Målsnes, Kokstad, 100 kr, Håvard Moe, Bergen, 50 kr, Jostein Budal, Lesja, 50 kr, Magne Myhra, Voss, 50 kr, Per Skjæveland, Stord, 50 kr, Olav Fure, Hareid, 50 kr, John Ole Askedal, Oslo, 50 kr, Åsmund Lønning Strømnes, Eidsvoll, 50 kr, Thoralf Bergwitz, Arendal, 50 kr, Magne Myhren, Oslo, 150 kr, Nils-Aksel Mjøs, Bergen, 50 kr, Jørgen Vogt, Oslo, 50 kr, Trond Urestad, Tingvatn, 50 kr, Torvid M. Edvardsen, Polen, 50 kr.

I alt 4350 kr. Hjertans takk for gåvone!

**Målmannen treng gåvor,
skal bladet tryggast.**

Grenland eller Telemark

Av Thoralf Bergwiz

Kvar ligg det landet som me kallar GRENLAND? Og kor stort er det? Kva for bygdelag femnar GRENLAND um? Og kvi heiter området GRENLAND? Er GRENLAND eit gamalt navn? Eller er det ei nylaging som t.d. SØRLANDET? Og hev GRENLAND like diffuse grensur som SØRLANDET?

Nylagingen "SØRLANDET" - som hev trengt undan det tradisjonsrike namnet Agder skal ikkje umtalast her. Men at GRENLAND på ei vis hev lidd den same lagnaden som AGDER, det er vel ikkje so langt undan sanningi - i og med at TELEMARK hev gløyppt heile Grenland?

Hadde eg havt tid, energi og resurs nok så vilde eg ha teki meg ei ferd rundt til dei bygdelagi som frå gamalt av vart rekna til Grenland - og spurt folk um kva dei visste um GRENLAND. Kor lite kunnskap det råder um emnet i dag kann aldri verta berrlagt um det no kjem fram ei utgreiding um landsluten GRENLAND.

Det er vel elles ikkje so viktugt å få berrlagt kor lite folk veit. Viktugare må vera å hente fram kunnskap - kunnskap som mykje truleg er lite kjent, men som det kann vera verd å taka med seg i skreppa - jamvel um denne kunnskapen ikkje gjev mette magar.

Det var då eg såg at "grenirne" sjølve ymta um at dei kunne tenkje seg å lansere GRENLAND som "TELEMARK SYD" - for turistane - at eg fekk hug til å granske litt um denne landsluten. Det undrar meg òg at det er "grenine" sjølve som tykkjer at landsluten deira ikkje er god nok i seg sjølv, og soleis vil lansere landsluten sin under falsk navn.

Hev ikkje GRENLAND rike nok tradisjonar? Hev ikkje GRENLAND gode nok naturtilhøve å bjoda turistane. Vil dei løyna den ureine lufti - dersom ho enno finst? Og soleis narre turistane - som då kjem til å kjenne seg snytte?

Eg skal ikkje segja noko um naturtilhøvi og lufti i GRENLAND. Eg fekk berre hug til å finne ut litt um namnet GRENLAND og eg vonar at andre vil hava glede av å fylje meg på mi ganskingsferd gjennom bøker som aldri elles vert lesne.

Kor mange "grenir" visste t.d. - kven Harald Grenske var? Og kvi han heitte "GRENSKE"? Kven visste- eller kjem i hug - at han var far åt sjølvaste "helgenkongen" - Olav Haraldson? Og kven visste at han heitte "GRENSKE" fordi han

var uppfostra i GRENLAND? At han var son åt vestfold-kongen Gudrød Bjørnson - som var son åt Bjørn Farmann - som var ein av sønneine åt den hårfagre Harald, er truleg ikkje so viktugt i denne samanhengen. Men soleis var det - etter Snorre-soga. At Harald Grenske òg fekk styringi yver Vingulmork, Vestfold og Agder til Lidandesnes under danekongjen - Harald Gormson - det er truleg heller ikkje so vida kjendt. Harald Grenske fekk hava riket der på same vilkår som frendane hans i gamal tid hadde havt, og som Harald Hårfagre gav sønneine sine. Med dette andsvaret som han då vart tildelt, fekk han òg kongsnamn. Harald Grenske var då berre attan vetrar. Han vart sidan ein namngjeten mann, men - etter saga - vart han tekjen av dage på ei liti heiderleg vis - og det av sjølvaste fostersysteri hans - Sigrid - med tilnamnet "Storråde".

I skaldekvædet Ynglingatal (vers35) vert det sagt at GRENLAND høyrde med til riket åt vestfoldkongen Olav Geirstad-alv som var son åt Gudrød veidekonge og halvbror åt Halvdan Svarte - som me veit - var far åt den hårfagre Harald.

Morfar åt Halvdan Svarte - Harald Herbrandson den granraude - er òg ein gong nemnd som Harald Grenske avdi han var konge yver Agder og GRENLAND.

Kor mange "grenir" veit i dag at Langesundsfjorden i gamal tid heitte GRENMARR? Og at "MARR" tyder "hav"?

Stadnamngranskaren og målgranskaren - vinbyggjen - Eivind Vågslid kom fram til at ordlekkjen "gren" kjem av det gamalnorske ordet "grøn" som tyder grøntre (gråntre). Ordet kann òg tyde lippesjegg.

Etter namnet å døme, hev landskapet - frå dei eldste tider vore dekt med grønskog - difor fekk folket som budde i dette skoglandskapet nemningen "grenir". Og fjorden (havet) ved skoglandskapet fekk namnet "GRENMARR" dvs. havet ved grønskoglandet, kom Eivind Vågslid fram til.

Vågslid meinte òg at landskapet fekk namn etter namnet på folket. M.a.o. av nemningen "grenir" kom namnet GRENLAND. Vågslid hevdar dessutan at det må vera folk utanfrå Grenland som frå fyrst av gav folket namnet "GRENIR". Det er visseleg ikkje uvanleg at det var så. Det må ha vøri so med "telir" òg - um folket som budde i Telamørk den tidi då land-

sluten fekk namn. Og mangt tyder på at det må vera sameleis med landsnamnet "NORDRVEG" (dvs. vegen mot nord) som er den eldste utgåva av namnet på landet vårt.

Kor gamalt kann namnet GRENLAND eller nemningen "grenir" vera?

Eit sogeskrift um gotane - som ein romersk-gotisk sogeskrivar hev skrivi - og henta fram av Eivind Vågslid - kann gjeva ei rettesnor.

Den her nemnde saga er skrivi i året 501 e.k. Soga heiter på latin: "De originale actibusque Getarum" - og skrivaren - som het JORDANES - nemner der mange ein-skildfolk i norderlandi - millom deim "Raumarici" og Aeragnaricii. Desse tvo folkenamni vert til vanleg lesne "Raumariciae" og "Ragnaricii" som kann tyde raumarikingar og ranringar um folk som bur i Raumarike (Romerike) og i Ranrike. Det siste kann òg tolkast til Ringerike, segjer Vågslid - for Aer svarar til gamalnorsk Hr i Hringariki, og etter det me ser lenger nede i det same skrivet, so er det siste nærast den rette tyding.

Umframnt desse tvo riki, so nemner Jordanes nokre norske tjodir (folk) som han kallar: GRANNI, AUGANDZI, EUNIXI, TAETEL, RUGI, AROCHI og RANNI. Jordanes segjer òg at desse tjodir hev havt ein sams konung som het Rodulf. Det siste tjodnamnet "raniir" - finst òg skrivi "rami", "ranni" og "rauni. Dette svarar truleg til det gamalnorske "ræinir" um ibuane i Ranrike, Bohuslän.

Augandzi stend truleg for "egdir" um folk som bur i Aust-Agder, "Granni" svarar tydeleg til det gamalnorske ordet "grenir" um folk som bur i Grenland. TAETEL kann tyde "telir" - um folk som bur i Telemark, men meir truleg er at det tyder "døilir" og at det tyder folket som budde i dalane millom strandbygdane Aust-Agder og Rogaland. Rugi er tydeleg det same som gamalnorsk rygir um folk som bur i Rogaland. "Arochi" svarar truleg til gn. hordar.

Riket åt Rodulf mun difor ha femna um strandbygdine frå og med Bohuslän i aust til og med sudparten av Hordaland i nordvest.

Kongsnamnet Rodulf svarar truleg til det gamalnorske mannsnamnet Hrøðulfr som er kjent frå Bohuslän og Brandbu.

Dette skriftet frå året 501 er visseleg det eldste skriftet me kjenner um namnet "gren" og "grenir". Og dersom Taetel

skulde tyde Telemark, so er truleg det den eldste utgåva av namnet på det noverande fylket. Det skulde i alle høve ikkje vera tvil um at namnet på Grenland må vera eldre enn frå år 501.

Landsluten hev likevel ikkje alltid havt namnet GRENLAND. Etter ikring året 1200 vart landsluten kalla "Skiðusysla", seinare Skiensysla, fordi sysselmannen budde i Skiðan. Men um GRENLAND ikkje var namnet på SYSLA så er GRENLAND likevel nemnt i ymse skriv ned gjennom tidi etter 1200.

Etter professor Aleksander Bugge - som hev skrivi um Telemark og GRENLAND i Aarsskrift 1918 - så hev GRENLAND opphavelig vori namn på bygdane ikring Norsjø og på vestsida av elvi sudyvi frå dette vatnet, eller på bygdane Sauherad, Nes, Bø, Lunde med Flåbygd, Holla, Medalheim (Mælum) og Drangedal.

Norsk Allkunnebok ved Eivind Vågslid segjer at fyr ikring år 1200 femna GRENLAND um det som seinare vart til futedømi Bamle og nedre Telemark: Siljan, Gjerpen, Eidanger, Bamle, Skõtøy, Sannidal, Drangedal, Solum, Holla, Lunde, Bø, Sauherad og Heddal.

Folket her vart - som nemnt - kalla grenir.

Kva tyder så TELE?

Etter Ivar Aasen Norsk Ordbog kann ordet TELE tyde is i marki. Og medan ei tunn is-skorpe på marki heiter "klaki" - eller "klak(j)e" - so tyder "tele" eit djupare islag i jordi.

Ordet "TELE" kann òg tyde SKOGLAUS FJELLMARK - "vel egentlig bar grund", segjer Ivar Aasen.

Namnet Ælamørk er nemnt m.a. i Hirdskrå. Hirdskrå er - som me veit - fyresegnir for hirden. Olav Haraldson - seinare - "den heilage" skal ha vori den fyrste som gav fyresegner for hirden sin. Reglane for hirden vart umarbeidde og umvølte av Olav Kyrre. Kong Sverre var truleg den som utarbeidde den fyrste skrivne hirdskråi. Men den eldste nedskrivne hirdskråi som det er funni fragmentar av, er frå tidi 1280-1350. Denne hirdskråi skal vera utarbeidd (umarbeidd etter kong Sverres hirdskrå) av Magnus Lagabøte. Det er her me finn namnet Ælamørk.

Me veit difor at namnet Ælamørk er minst så gamalt. Me veit òg at Ælamørk var namnet på den nord-vestre luten av det som no heiter Telemark. Den austre luten heitte Grenland (som i dag).

Når me veit at den nord-vestre luten av

Telemark er eit høglend, so høver tydingi SKOGLAUS FJELLMARK som hønd i handske for landskapet Telemark med Hardingviddi. Den skrinne fjellmarki er elles ikkje serleg plaga av tele i jordi, so det tykkjast tvillaust at namnet Telemark hev sitt opphav i den skoglause fjellmarki og ikkje frå mogleg islag i jordi.

Og um ordet "tele" tyder mark med furuskog - som Eivind Vågslid nemner - forutan denne skoglause fjellmarki, so høver det òg sers godt - fordi det er mest furuskog vest i fylket, og mest grønt i aust dvs. i GRENLAND. Lite er det som høver med meir tele - islag i jordi - enn elles i landet.

Men både islaget i jordi og den skoglause fjellviddi er i gamalnorsk skrivi "Þilir".

Skriveformi "Telemark" er visseleg påverknad frå dansk. I Solørtraktene heiter det enno Telamark dvs. med a etter l. Etter norske lødlover skulde namnet ha vore Telamørk.

Og etter det me no veit um både GRENLAND og TELAMORK, so er det truleg ikkje "ærleg spel" å lansere GRENLAND som "Telemark syd"? "SYD" høver vel heller ikkje serleg godt til eit norsk landskap? "SØR" hev heller ikkje retteleg god klang. Skrivbilætet "SØR" hev sitt opphav i "syd". "y"-en vert i tradisjonelt norsk talemål uttala "ø"- jfr. ordet "vyrda" og "vyrdnad" som i talen ofte vert til "vør'a" og "vørnad". Det same er tilfelle med "u" - som òg ofte vert til "ø" i talen. Soleis vert det gamalnorske "sudr" til "sødr" i talen, og deretter til "sør". Den tendensen som me nordmenn er aleine um - nemleg å umgjera ein gamal nedverd skriveregel til ein skrivenorm som rettar seg etter talen, den tok til ikring hundradårskiftet i Europa, men vart oppgjeven heller snøgg i dei landi som hadde gjort freistnad med det - burtsett frå i vårt land. Eitt hundrad år etter at denne umlagingen av skriftspråket vart stogga i andre land i Europa, so held me på med det enno.

No er det so at ei gruppe menneskje som hev eit ynskje um å vera tradisjonsberarar - hev funni på å høgtida ein eitt hundrad år gamal tradisjon med ei rangskrivning av eit namn - namnet på ein landslut - ein landslut som ikkje hev klære grensur - det gjeld ein landslut som elles hev ein meir enn femtan hundrad år gamal tradisjon av namnet sitt. Namnet som me kjenner frå - i alle fall so tidleg som året 501 e.k. - er "AGDER".

Og det gamle gode "SUD" er det me

Hamas og Hizbollah

På den uoffisielle vevloggen Målmannen-forum hev Lars Bjarnøy Marøy eit innlegg der han syner til ein kronikk av Hans Fredrik Dahl i Dagbladet frå 2. juli i år. I kronikken peikar Dahl på at Hamas er ein organisasjon som er sterkt farga av nasjonalsosialistisk tankegods, slikt som nordmenn og folk i Vesten er opplærde til å taka fråtand frå. Frå fyrr av hev Holocausteksperten Daniel Goldhagen fremja den same Hamas-analysen i ein kronikk i Los Angeles Times den 5. februar. Det er kann henda noko å tenkja på for målfolk som gladeleg styd Hamas og den palestinske nasjonalismen, avsluttar Marøy.

Her lyt nok bladstyraren i Målmannen segja seg usamd. Ein treng ikkje ganga lenger attende enn til 2004 for å få med seg den krasse polemikken som Kjartan Fløgstad rette mot Dahl i boki "Brennbart". I ordskiftet som fylgde vart Dahl skulda for å driva med "brunskvetting" mot gode målfolk. Soleides prellar det nok av som vatn på gåsi um han no kjem med ein ny runde med "brunskvetting" mot Hamas.

Skuldingane um brunskvetting er millom anna å finna på prent i artikkelen "Nasjonal og nasjonal" frå Mål og Makt nr. 1 2005, og det gjer ikkje saki betre at artikkelforfattaren er aktivist i Palestinakomiteen.

Um ikkje dette var nok, so kann me lesa på netstaden at ein annan velkjend målaktivist at han diverre hev tent pengar på proisraelske lysingar, og desse "blodpengane" vil ha no senda til terrororganisasjonen. Hizbollah. Den same personen arbeider til dagleg på skivarstova i Noregs Mållag. Det hev neppe falle honom inn at det finst imperialistiske tankar millom muslimar. Dei er berre fridomskjemparar: *"Dei vil at eg skal gje pengane eg får inn til våpen til Hizbollah. Vel, ikkje meg i mot. Gje meg eit kontonummer, berre. Eg anar ikkje korleis eg skal få vita at pengane har gått til våpen og ikkje til mat, medisinar og nye hus, då."*

Dvergemålet

kallar "gamaldags". Ja, me hev lært oss til å rekne norske ord og segjemåtar for "gamaldagse", medan dei tvo danskfarga skriftmåli våre - dei er "moderne". Skyn det den som kann!

Elles kann eg ikkje skyne at folket i Grenland - grenine - i det heile vil blande seg med så fælt eit folkeferd som teledølene faktisk er.

Indbyggerne ere onde, udugelige, haarde, vilde oc oprørske Folck. Det meste Manddrab, som gemenligt udi Noriges Rige Skeer, tildrager sig udi Telle-

marcken, nogle uforskammede Dieffuels Kroppe med Hor, Mord, Manddrab, Kjetterij, Löslefnet, Slagsmaal oc andre hos hengende Laster oc Ulempe offuer alle som her i Landet boe, haffde deris største Lyst i gammel Tid at dræbe Bisper og Prester, Fougder oc Befalingsmænd, som oc paakiender, at en Kircke i det Læn ere 7 Prester ihjelslagne, oc sommesteds en eller to, oc sommesteds flere.

Dette segjer i alle fall presten og historikaren Peder Claussøn Friis. Og han fekk visseleg kjenne på kroppen kva slags

folk teledølene er - og alltid hev vore. Peder Claussøn var fødd i Egersund den 1. april 1545 - det var ingi aprilsnarr - og han heldt seg i live til den 15. oktober 1614. Um det var teledølene som tok livet av honom eller um han døydde på "vanleg" vis, det fortel soga inkje um, men visseleg var dei truanes til det med - teledølene - så kjære grenir - hald dykk lengst mogleg undan dei fæle teledølene! Hald fast på GRENLAND!

Mikromaskinane, dei fyrste heimedatamaskinane

Av Olav Torheim

Umgripet mikromaskin vil for sume av oss vekkje assosiasjonar attende til 1980-talet eller tidlegare. Stutt fortalt so var det for eit par tiår sidan den vanlege nemningi på ein datamaskin som inneheldt ein mikroprosessor. I dag fungerer alle moderne maskinar på denne måten, men i gode gamle dagar, som vert attende til 70- og 80-talet, skilde ein millom stormaskinar og minimaskinar på eine sida og mikromaskinar på hi. Medan mikromaskinen var styrd av ein mikroprosessor som fekk plass inne på ei einstaka brikka, kunde den sentrale prosesseringseiningi på minimaskinar og stormaskinar vera spreidd utyver ei rad ulike brikkor og krinskort.

I våre dagar er det ikkje lenger eit spursmål um prosessoren er kapsla inn på ei einstaka brikka, men snarare kor mange prosessorar det er inne i den same integrerte krinsen. Både Intel og AMD hev for lengst lansert sokalla fleirkjerneprosessorar til bruk i vanlege heimedatamaskinar, og på IBM sin nye Cell-prosessor, som no er aktuell med den nyleg lanserte spelekon-sollen Playstation 3, finn ein heile 8 CPU-kjernar inne på den same integrerte brikka.

Soga um mikromaskinane er ogso soga um dei store datamaskinaktørane som ikkje var i stand til å sjå dei lange utviklingslinone i datamaskinindustrien. Då dei fyrste mikroprosessorane kom, var det det ikkje so mange av dei store aktørane som skyna kor viktige mikromaskinane kom til å verta. IBM kom seg smått um senn ut på marknaden, med eit produkt dei seinare miste kontrollen med, men andre storaktørar på stormaskin- og minimaskinmarknaden som DEC og Norsk Data heldt seg til dei gamle konsepti sine heilt til dei miste mest heile marknadsgrunnlaget sitt. Alt for seint skyna dei at mikromaskinbaserte serverar og arbeidsstasjonar med Unix eller Windows NT på sikt kom til å taka yver heile mark-

naden.

Upphavet til mikromaskinane

Teknikken med å få stødt fleire komponentar inn på ei brikka kann først attende til dei amerikanske romfartsprosjekti frå 1960-åri. For å senda menneske utanfor jordatmosfæren var det naudsynt å utvikla måtar å komprimera elektroniske komponentar på, slik at det vart samla i småe og lette pakningar. Men so snart USA hadde nådd målet med å senda folk til månen og få deim trygt attende, sakk interessa for vidare utvikling av romfartsteknologi. Dette førde til at tusundtals ingeniørar gjekk ut i arbeidsløysa, og desse hadde ikkje anna å gjera enn å setja i gong med eigi verksemd, tufta på den nye teknologien dei hadde lært seg. Desse ingeniørane, som vart sjølvstendig næringsdrivande, er opphavsmennene til den store halvleidarindustrien som hovudsakleg held til i California, sud for San Fransisco, i det som vert kalla "Silicon Valley". Her finn ein i dag dei store høgteknologiverksemdene som Intel, Hewlett-Packard og Apple.

Fyrste generasjonen mikromaskinar

Den fyrste kommersielt tilgjengelege mikroprosessoren, Intel 4004, vart lansert i november 1971. 4004-prosessoren prosesserte 4 bitar med data i parallell, og var med andre ord ein 4-bits prosessor. Året etter, i april 1972, kom den fyrste 8-bits prosessoren, Intel 8008.

Då dei fyrste mikromaskinane kom, på midten av 1970-talet, var det ikkje slik som i dag - at ein kunde ganga og handla maskinen i ei elektronisk forretning. Maskinane laut kaupast på postordre. Og det var ikkje berre å setja kontakten i veggen. Ein laut byggja maskinen sjølv, av eit byggjesett som inneheldt byggjesteinar som diskrete transistorar, integrerte krinsar, diodar, print-

kort og leidningar. Um ein var heppen so fekk ein ei tollegt detaljert brukstilvising.

Når ein var ferdug med byggjearbeidet, var det ikkje so mykje meir ein kunde gjera med maskinen enn å programmera diodeljosi på frontpanelet til å blenkja i ulike mynster. Nokon slag s kompilator eller assembler var helder ikkje tilgjengeleg, so når det kom til programmering vart det til at ein laut lesa databladet åt prosessoren og leggja dei rette instruksjonane beinveges inn i programminnet som hexadesimale talverde, gjerne med ein brytar der ein klikka talverdiane inn, bit for bit.

Å byggja sin eigen datamaskin frå grunnen av, må i våre dagar framstå som imponerande. Men det handverket som det er å setja i hop eit slikt mikromaskin-byggjesett, var på mange måtar ikkje so komplisert som det er å setja i hop eit tilsvarande system i dag. Klokkefrekvensen var gjerne på ein megahertz eller mindre, so ein trong ikkje å taka dei same umsyni til klokking, avkopling og jording som ein lyt no. Dimensjonane på dei komponentane som vart nytta var dessutan mykje større og grovare enn det som hev vorte vanleg seinare. Når ein helder ikkje var komen so langt produksjonsteknisk at det var ytemonterte komponentar å taka omsyn til, trong ein ikkje vera so altfor stød på handi for å kunna lodda det heile saman.

På hi sida so hadde ein helder ikkje tilgang til alle dei avanserte konstruksjonsverky som ein hobbyelektrikar hev for handi i våre dagar. Det var ikkje slik som no, at ein kunde teikna upp krinskortutleggi på ein datamaskin og køyra deim ut på ein film, fiks ferdugt. Nei, ein laut leggja upp alle leidningane med limband, ein farge for topplaget og ein annan farge for botnlaget, fotografera heile kunstverket gjennom kvart sitt fargefilter og skalera ned bilætet til 1:1-dimensjon. Fekk ein ikkje

puslespelet av leidningar til å ganga upp, so var det å riva sundt og byrja på att.

Dei fyrste mikromaskinbrukarane fekk ofte nemningi "datamaskinfrelste". Mange av dei var ingeniørar eller programmerarar som bygde maskinar på fritidi. Dei var so fascinerte av datamaskinar at dei ikkje brydde seg um at mikromaskinane dei bygde faktisk ikkje kunde brukast til noko vitugt.

Det fyrste ålment tilgjengelege mikromaskinsettet på marknaden var Altair 8800 som var synt på umslaget av Popular Electronics i januar 1975. Det var konstruert av ein pensjonert Air-Force-ingeniør, Ed Roberts. Datamaskinarkitekturen åt Altair 8080 kom til å verta mynsterdanande for seinare mikromaskinsystem.

For å gjera mikromaskinen brukande til fleire fremål enn berre å sjå at maskinen faktisk var i live, trongst det minnekort og andre grensesnitt som kunde pluggast inn i datamaskinbussen. Når ein hadde bygd til dette ekstrautstyret, kunde maskinen koplast til perifert utstyr som teletype, datamaskinterminalar og lineskrivarar. Det som byrja som eit byggesett til nokre tusund kronor kunde sistpå verta eit system til mange titusund.

Andre generasjonen mikromaskinar

Nokre av dei fyrste mikromaskineigarane bruka ekspertisen sin til å utvikla nye produkt som snøgt fekk mikromaskinen til å verta eit meir tilgjengeleg produkt for vanlege brukarar, ikkje berre ein hobby for nokre fåe entusiastar. Apple-grunderane Stephen Wozniak og Steven Jobs hev fenge æra for at mikromaskinane vart gjorde lettare tilgjengelege. Dei konstruerte den fyrste Apple-datamaskinen i verkstaden åt foreldri hans Steven Jobs. Apple I var ein av dei fyrste mikromaskinane som kombinerte viktuge viktuge komponentar som minne, sentral prosessoringseining, inndata og utdata på eitt einskilt krinskort. Den entusiastiske mottakingi dei fekk i ein hobbyklubb i San Fransisco-valdet, yvertydde dei tvo um at dei kunde utvikla maskinen vidare til Apple II og so ganga inn i mikromaskin-bransjen. Resultatet vart Apple Computer Inc. som ei tid var det mest framgangsrike mikromaskinselskapet.

Det mest populære programmeringsspråket som vart nytta på desse nye mikromaskinane heitte BASIC. Språket vart laga av professorane John Kemeny og Tom Kurz ved Dartmouth i 1964, og fremålet var å gjera datamaskinen meir tilgjengeleg for studentar. Ein grunn til at BASIC vart so vellukka, var at det nye programmeringsmålet var tufta på vanlege ord

frå det engelske målet. Ein annan grunn var at BASIC var eit interaktivt språk, maskinen kom til å svara med det same ein lagde inn og køyrde eit BASIC-program. Dette var heilt ulikt dei tidlegare programmeringsteknikkane der ein fyrst laut slå programmi ut på holkort og dinæst mata holkorti inn i datamaskinen i ein samla bunke. Programmerarane laut ofta koma attende dagen etter for å sjå um programmet verka. Bill Gates og Paul Allen, Microsoft-grunnleggjarane, tok i bruk BASIC i mikromaskinar då dei implementerte BASIC-systemet for Altair 8080 i 1975.

Mikromaskinen Apple II og motteklarane Commodore PET og Radio Shack TRS-80 var mykje greidare å bruka enn Altair 8800. Desse maskinane hadde skrivemaskintastatur og videoskop som avløyste ljøsdioderadene og brytarane på dei tidlegare sjølvbyggjarmodellane. Dei var ogso leverte med BASIC-operativsystem innebygt slik at ein kunde nytta maskinen med det same han vart slegen på. For å bruka BASIC på ein Altair, laut ein fyrst stella inn brytarane på frontpanelet og dinæst leggja BASIC inn i maskinen sitt lager frå ein papirbandlesar. Mange tidlege mikromaskinar var tilmåta utrangerte teletypemaskinar. Berre prosessen med å gjera BASIC tilgjengeleg kunde taka frå 20 minutt til ein heil time.

Ulike maskinslag

Når ein kjem til byrjingi av 80-talet, er det kome upp ein heil skog av ulike mikromaskinprodusentar som tilbyd kvar sine datamaskinsystem. Sams for deim alle var at det var tala um 8-bits datamaskinar med prosessorar som anten var av typen Intel 8008, Zilog Z80, MOS 6502 eller Motorola 6809. Mykje av innhaldet i maskinane var soleides likt, det var samansetnaden som var ulik.

Allsidige mikromaskinar

Dei småe allsidige mikromaskinane var tidleg på 1980-talet dei mest populære mikromaskinane. Dei vanlegaste maskinane var Apple II, TRS-80, TRS-80 III, Commodore PET, PET 2001 og CBM 2001. Apple, Radio Shack og Commodore kontrollerte det meste av mikromaskinmarknaden. Ikkje av di dei hadde dei beste produkti, men av di dei var dei einaste firmai som dreiv med aktiv marknadsføring og opererte på vanleg forretningsbasis.

Mikromaskinane frå Apple, Radio Shack og Commodore var opphavleg produkt som stod utanfor den store straumen av mikromaskinsystem. Dei tidlege mikro-

maskinane var alle allsidige produkt, og dei fleste var tollegt like einannan, bygde kring den same 8080A-mikroprosessoren frå Intel og med tilkoplingspunkt for utskiftande hylleware-elektronikk. Den utskiftande elektronikken var knytt til det ein kalla S-100-buss.

Ein databuss er ein slags elektronisk "hovudveg" som dei ulike modulane i ein datamaskin nyttar til å utveksla informasjon. I teorien var det slik at ein skulde kunna taka ein modul frå ein kva som helst slags mikromaskin med S-100-buss og setja det inn i ein annan.

S-100-bussen var på ingen måte nokon ideell standard, men det var den fyrste databussen som hadde vorte teken i bruk på Altair-maskinen, og som sidan hadde vorte kopiert av andre mikromaskinprodusentar. Seinare vart han standardisert av IEEE som IEEE 696.

Store, allsidige mikromaskinar

Apple, Commodore og Radio Shack hadde ogso produkt som kunde klassifiserast som store, allsidige mikromaskinar. Radio Shack var tidlegaste ute på marknaden med TRS-80 II. Commodore kom inn seinare med CBM 800. Apple var den siste av desse tri som kom inn på marknaden, med Apple III. Dette var maskinar som etter den tids standard hadde mykje maskinkraft.

Videospelmaskinar

Videospelmaskinane nytta fargefjernsynsskjerm, hadde eigne styrespakar til spel (joysticks) og nytta vanlege kassettar til datalagring. Produkt som inneheld fargefjernsynsskjermar, styrespakar og program i plastboksar, kunde reknast som videospelmaskinar. Tidleg på 1980-talet var Commodore VIC-20, ATARI 400 og ATARI 800 dei mest populære videospelmaskinane.

Desse billege mikromaskinsystemi nytta seg av fargefjernsyn som ikkje var i stand til å produsera den kvaliteten på fargane og den fine oppløysingi som ein elles kunde uppnå. Det skulde like fullt syna seg at videospelmaskinane kom til å verta dei lengstlivande av dei tradisjonelle 8-bits mikromaskinane. Commodore 64, den klassiske spelmaskinaen med tastatur og TV-modulator som kom i 1982, var i produksjon heilt fram til 1991. Den dag i dag hev Commodore 64 framleides eit livande miljø av entusiastar, medan dei kraftigare kontormaskinane frå den same perioden for lengst hev gjenge ut or all bruk.

Operativsystem

Når det kom til operativsystem, so vart eit

systemprogram kalla CP/M standard for alle mikromaskinar som nytta prosessorane 8080A eller Z80. CP/M vart svært populært av di programmi kunde skrivast for å verka gjennom rutinane åt CP/M i staden for at dei skulde verka på ein serskild type maskin. Det gjorde ikkje noko at maskinvara var ulik, so lenge programmi som køyrde såg dei same rutinane i operativsystemet.

Men ingen av dei tri store produsentane, Apple, Radio Shack og Commodore, leverte CP/M med mikromaskinane sine. Tridjepartsutviklarar gjorde dei seinare mogleg å køyra CP/M på Radio Shack og Apple, men ikkje på Commodore (undantaket var Commodore 128 frå 1985 som vart levert med tvo prosessorar, ein 6502 til å køyra BASIC og ein Z80 til å køyra CP/M).

S-100- og CP/M-kompatible mikromaskinar

Ingen av dei store allsidige mikromaskinane som dei tri store tilbød, nytta S-100-bussen eller CP/M. Men det var ein heil underskog av andre mikromaskinprodusentar som gjorde det. Dei fleste mikromaskinane som vart laga av desse firmai fall i gruppa av store, allsidige mikromaskinar. Norske Tiki 100 og svenske Scandis, som baa vart mykje nytta i skuleverket, er døme på slike maskinar. Tiki køyrde på ein Z80-prosessor medan Scandis nytta seg av ein Intel 80186. Baa maskinane hadde CP/M som operativsystem.

Andre produsentar som kunde vore nemnde er Cromemco, Vector Graphics, Altos, North Star og Digital Microsystems (som ikkje må forvekslast med minimaskinprodusenten Digital Equipment). I alt var det truleg eit hundrattals firma som laga S-100-kompatible maskinar med CP/M.

Instrument- og industrimaskinar

Mikromaskinane var ikkje berre til heimebruk, dei kunde nyttast i industri og eksperimentell verksemd med. Maskinar som skulde kommunisera med måleinstrument laut vera compatible med IEEE 488-standarden, betre kjend som HPIB eller GPIB. IEEE 488 er ein standard industribuss som vart og vert nytta av folk som byggjer instrument. Den sokalla instrumentbussen vart opphavleg utvikla av Hewlett-Packard, og var meint å ordna samband millom ein datamaskin og opp til 16 ulike instrument. Jamvel um IEEE-488-bussen fyrst og fremst var ein instrumentbuss, vart han i sume maskinar nytta som systembuss med, til dømes i Commodore PET. Medan S-100-standarden for lengst er daud og



Commodore 64 - i si tid den mest populære heimedatamaskinen.

gravlagd, er den mange år eldre IEEE-488 framleides ein utbreidd industristandard for kommunikasjon med måleinstrument.

IBM kjem

Frå den augneblinken i 1975 då det vart klart at mikromaskinen var til å rekna med, tok folk til å undrast um det ikkje snart kom noko tilsvarande frå IBM. IBM hadde dominert den tradisjonelle datamaskinmarknaden heilt frå byrjingi av. Kvifor IBM kunde sitja roleg og sjå på at nykomlingar som Radio Shack og Apple fekk håva inn inntektene frå den nye mikromaskinmarknaden, var for dei fleste ei gåta.

Men den 12. august 1981 tok spekulasjonane slutt. IBM kunngjorde den personlege datamaskinen sin som kort og godt heitte IBM Personal Computer. Den største skilnaden millom IBM PC og andre maskinar på denne tidi var at IBM PC nytta ein 16-bits mikroprosessor, 8086 frå Intel, i staden for ein tradisjonell 8-bits prosessor. Operativsystemet til IBM PC var ikkje CP/M, men ei primitiv billegutgåva som heitte MS-DOS. IBM annonserte at dei skulde koma med eit fullstendig CP/M-system seinare, men dette vart det i praksis ikkje so mykje av.

IBM gjorde endå eit viktugt handgrip: I staden for å utvikla komponentar sjølve, bygde dei maskinane opp frå standard hyll-evare-komponentar og presenterte heile maskinen med ein open arkitektur slik at andre utviklarar kunde produsera og selja periferikomponentar og kompatibel programvara.

Både Apple og Commodore fylgde opp konkurransen med IBM og lanserte nye 16-bits maskinar, Apple Macintosh og Commodore Amiga, basert på 68000-prosessoren frå Motorola. Men i motsetnad til IBM so reserverte dei seg alle rettane til både maskinvara og til operativsystemet. Dimed kom framtidi åt desse maskinane til

å stå og falla med utviklingi åt dei nemnde firmai. Det var ikkje andre enn dei sjølve som kunde produsera den maskinvara som trongst.

Kvifor lukkast IBM?

Som me alt hev vore inne på, var hovudårsaki til at IBM vann fram var at dei baserte maskinen sin på standard hylleware og lagde det heile ut på marknaden som ein open standard. Dimed stod alle fritt til å produsera maskinen.

Problemet til IBM var at dei sjølve ikkje fekk so stort utbyte av den suksesshistoria som IBM PC kom til å verta. Maskinane kunde produserast av kven som helst, og operativsystemet MS-DOS kunde dei kaupa beinveges frå Microsoft. På slutten av 1980-talet freista IBM å få vinna attende kontrollen med PC-marknaden med di dei lanserte den nye maskinwarearkitekturen PS/2 og det nye operativsystemet OS/2, men nye og gode tekniske løysingar hindra ikkje at det heile vart ein kommersiell fiasko.

Motstykkjet til IBM PC er Commodore Amiga, som stod utan nokon tilgjengeleg maskinwareplattform etter at Commodore gjekk konkurs og dei nye eigarane ikkje var i stand til å utvikla nye produkt. Amigamaskinen døydde med Commodore, men PC-en døydde ikkje med IBM PS/2. Undantaket her er Apple, som med Macintosh-lina hev halde det gåande fram til i dag.

Referansar

"Elementær innføring i mikrodatamaskiner", Osborne og Bunnell, Universitetsforlaget, 1982.

"Sanntids datateknikk", kap. 4.2.7, Odd Pettersen, Tapir Forlag, 1987.

"Interfacing to S-100/IEEE 696 microcomputers", Libes og Garetz, Osborne/McGrawHill, 1981.

Framifrå yversyn yver Balkans historie

Av Lars Bjarne Marøy

Eg hev lenge vore på jakt etter ei bok som kunde gjeva ei samla, yversynleg og kritisk framstilling av islams inntog og utgang av Europa og av situasjonen på Balkan og bakgrunnen for krigen/krigane i Jugoslavia. Eg hugsar hausten 1989 godt. Det var den hausten då Berlinmuren fall. Me kunde fylgja med på at det eine Aust- og Sentral-Europeiske landet etter det andre gjekk gjennom reformer, men sume konfliktar og utviklingsdrag var ikkje like gode å skyna. På denne tidi såg me ikkje kva kraft som låg i nasjonalismen og religionen. Det var ikkje berre eg, men mange journalistar, universitetsfolk, politkarar og statsmenn som ikkje forstod at det kunde uppstå ein brutal og gruffull krig i Europa. Det var slikt som me hadde høyrte om frå andre delar av verdi og som me visste om frå den andre verdskrigen, men ikkje noko som kunde henda i ei sivilisert verd.

Den norske forskaren Svein Mønnesland hev skriva ein del um konfliktane på Balkan. Eg hev ikkje lese Mønnesland, men då eg var i Sverige i sumar kom eg yver ei bok av Sanimir Resic. Sanimir Resic er lektor på "Institutionen för Öst- och Centraleuropastudier" ved Lunds universitet. Han er fødd i Kroatia, og har ei italiensk-kroatisk mor og ein bosnisk far. Dei reiste frå Jugoslavia på 1960-talet, og forfattere vokst opp i Sverige.

Boki til Resic heiter: *En historia om Balkan*. Boki er grundig, jamvektug og etter måten lett å nytta som oppslagsbok. Det er det svenske forlaget, Historiska media, som er utgjevar. Dei hev gjeve ut sers mange gode historiebøker og denne skriv seg inn i rekkja yver dei fremste etter mitt syn.

Sanimir Resic tek til i antikken og sluttar i 1991, med Jugoslavias kollaps og med sjølvstendefråsegnene frå Slovenia og Kroatia. Resic gjev forklaringar på korleis Jugoslavia vart skapa og til slutt gjekk under. Forfattere skildrar hendingar, prosessar og personar som hev vore tonegjevande gjennom søga. Han gjeng igjennom dei historiska slitningane millon folkegrupper, som vert nytta i konfliktane i notidi.

Situasjonen på Balkan er interessant av fleire årsaker. Fyrst og fremst heng det saman med at situasjonen på Balkan lærer oss sers mykje um tilhøve millom den kristne og den muslimske delen av verdi. Her må ein vera årvaken og ikkje lata seg dåra av romantiske sogefremstillingar. Eg

hev lenge vore skeptisk til lærebøker som meiner samanbrotet til romerriket fører oss inn i den myrke millomaldere i Europa, medan den islamske verdi blømde og tok vare på den antikke kulturarven. Det er nesten som um at alt som skjedde fyre 1453 var at kyrkja la ei klam hand yver Europa. Deretter slapp kyrkja taket, medan Europa utvikla seg ovleg med kolonialisme og verdsherredøme på grunn av oppdagingane av 1000 års islamsk vidareforedling av den greske kulturarven. Historikarane veit at dette er onnorleis, og det finst grensor for kor mykje ein i røyndi kann skriva um historia, men dreieingi i sogeskriveingi vert so tendensios at det er nesten slik søga stend fram for skuleelevar og naive og kunnskapslause lekmenn. Det er utan tvil antikristendom, multikulturalisme og gamaldags forkvakla sosialisme som fører ein inn i slike villeidingar.

Når ein ser burt frå nokre vidareutviklingar innanfor sume realfag som skjedde innanfor den arabisktalande verdi og som for alt me veit vart gjorde trass i islam heller enn på grunn av islam, er det lite originalt ved islam, iallfall fåe ting som kann forklåra kvifor Europa hadde suksess som leidande verdsdel frå umlag 1500-talet og framyver. Dei som vil argumentera for eit brot i europeisk søga kann syna til dei store oppdagingane og framgang for vitskap og revolusjonen innanfor bokprentingi, men dette er neppe eineståande, framleis var klosterstellet, universiteti og kunsten m.m sterkt prega av kristendomen som den hadde vore gjennom heile millomaldere. Det var burt-fallet av den islamske koloniherrn som gjorde at Spania og Portugal kunde byrja å utforska ulike sjørutor og som førde til at kristne europearar fann sjøvegen kring Afrika og oppdaga Amerika. Nokon yversjøisk ekspansjonstrong fanst tydelegvis ikkje innanfor islam.

Det er rett at greskkunnskapane gjekk sterkt attende i Europa i millomaldere og at mange greske bøker var gløymde, men dei fanst, sume i latinske umsetjingar. Det vert misvisande å segja at islam tok vare på denne kulturarven. Det kann vera sant nok at islam førde til ei einsretting av språkbruken. Dei aller fleste landi i Midt-Austen tok heller snøgt til å nytta arabisk. I den grad arabiken ikkje berre fortregnde gresken som yverordna språk, førde kannhenda det arabiske målet til at nye kulturimpulsar vann fram til fleire

folkegrupper som vart arabisktalande.

Det er likevel liten tvil um at det kristne Bysants var den leidande staden for greskstudium og bruken av gresk mål. Det kristne Bysants tok vare på den greske kulturarven. Denne arven gjekk meir og meir tapt i den islamske verdi. Då greskkunnige folk i Bysants såg fyre seg at det var ufråcomeleg at det vilde koma ein muslimsk invasjon, flykta dei til vesten. Då Bysants fall i 1453 var alt mange greskkunnige komne vel fram til det kristne Europa. Dei hadde fenge berga mange klassiske verk som elles kunde ha kvorve. Det er klårt at desse personane må ha kveikt interessa for gresk-studium i dei italienske bystatane og etterkvart i heile Europa, men det var ikkje gjennom islam, men gjennom kristendomen at det vart slik.

Balkan under islamske imperialistar

Balkan vart hersett fyre Bysants vart okkupert. Alt frå 1300 og 1400-talet byrjar det osmanske riket å interessera seg for område på Balkan og byrjar å koma vestyver. Slaget ved Kosovo-sletta i 1389 hev vorte klassisk. Resic peikar på at serbarane hev yverdrive den rolla dei sjølve spela i dette slaget. Serbarane spela ei sentral rolla. Den fleirnasjonale styrkjen som stod upp mot tyrkarane var nok vel so mykje ei kraftsamling frå det kristne Sør-Aust-Europa. Slaget førde med seg at bae partar hadde store tap og at dei bae laut trekkja seg attende. Um serbarane berga Europa frå tyrkarane, slik dei hevdar, fær me naturlegvis aldri vita, men det er lite truleg, kor som er, slaget var nok med på å slå fast at Balkan hadde ei rolla som buffer for Europa, slik sett skal ein heller ikkje undervurdera slaget. Bufferrolla gjeng att i andre samanhengar.

Det er iallfall liten tvil um at serbarane var so sterkt veikte at osmanarane kunde trengja seg vidare etter kort tid. Inntil dei møtte mongolinvasjonane tidleg på 1400-talet. Frå 1402 til umlag 1450 var mongolane på frammarsj og osmanarane hadde lite å stalla upp med, men mongolinvasjonen tok slutt og osmanarane vende seg på nytt mot vest. Fram til 1450 hadde dei gjort landinvasjonar. Dei hadde i praksis kontroll yver alt land kring Konstantinopel. Byen hadde greidt å kringgjera seg og hadde høve til å få inn troppar via sjøvegen, der osmanarane tradisjonelt sett ikkje hadde havt noko å stalla upp med. Men kring midten av 1400-talet var

osmanarane i ferd med å byggja seg upp ein flåte som i hovudsak bygde på sjøfolk frå Hellas som dei hadde teke kontrollen yver.

Katolikkar og ortodokse greidde ikkje å samla seg um å slå attende osmarane og denne kyrkjekløyvingi gjorde nok at osmanarane kom lenger enn dei elles hadde trunge å gjera. Dei ortodokse hadde vorte utsette for ei stygg plundring av Konstantinopel i samband med ei samling av krosstogsfarar i 1204. Dette var noko som vart hugsa tilliks med andre motsetnader. Etterkvart som Konstantinopel vart meir og meir umlægra og veikara og veikare vart det uråd å berga byen. Osmanarane kunde gå inn i byen utan store kostnader

Dette markerte etterkvart òg ein fære for handelskontrollen. Det hadde vore tungvint å frakta varor frå Asia av di dei fleste rutone var kontrollerte av ikkje-kristne statar og av di landevegsrøvarar plundra dei småe fraktone som kunde takast yver landevegen. No var det ikkje lettare ettersom Konstantinopel fall og osmanarane fekk festa grepet kring Aust-Europa.

Islam på sitt verste

Osmanarane hev kontroll yver Balkan ved inngangen til 1500-talet. På 1520 og 1530-talet kjem dei fyrste harde framstøytane mot Ungarn og Austerrike. På denne tidi var dei kristne absurd nok meste upptekne av å føra interne stridar. Protestantar og katolikkar samlar seg likevel til slutt i striden mot osmanarane, trass i harde åtak, må osmanarane gjera vendereis.

På 1500-talet trengde tyrkarane seg heilt fram til Kroatia og i 1590-åri kontrollerte Kroatia einast umrådet kring Zagreb og garnisonsbyane Karlovac og Varazdin.

Den siste ålvorlege motsetnaden mellom osmanarane og habsburgarane gjeng fyre seg på slutten av 1600-talet. Etter dette gjev osmarane upp å trengja seg fram mot Ungarn og Austerrike, men hev framleis kontroll yver Balkan.

I dei umrådi som muslimane kontrollerte på Balkan vart folket umtala med uttrykk som tydde folkemasse. Berre muslimar kunde eiga jord og bera våpen. Dei som ikkje var muslimar fekk bruka jordi som andre åtte og betala skatt til statthaldarane i dei ulike provinsane som førde pengane vidare til sultanen i Istanbul. Dei som ikkje var muslimar fekk ikkje kleda seg i den grøne fargen som var heilag og

måtta stiga av hesten um dei møtte ein muslim. Kristne kyrkjor fekk ikkje vera høgare enn moskear og kristne fekk ikkje vera garvarar, for det var profetens yrkje. Det var både mantalsskattlegging og ekstra skattlegging, den sokalla blodskatten, av kristne bønder. Muslimane slapp undan denne skatten.

Tyrkarane hadde ein ovstygg måte å byggja upp heren og viktige administrative verv på. Dei reiste rundt på Balkan og tok med seg emnelege kristne gutar. Desse gutane vart tvangsislamisererte og oppfostra på eigne opplæringsstader. Dei fekk berre ha kontakt med kvarandre og vart hardt disiplinerte. Det var veldig sjeldsynt at desse gutane braut ut og rømde, men i nokre einstaka høve nytta dei posisjonen sin til fyremun for heimlandet og huslyden sin.

Grekarane var gode sjøfolk og dei utgjorde ein stor del av den osmanske flåten. Dei hadde stor fridom, men var òg lojale mot det osmanske regimet.

Det ottomanske imperiet stod på høgdi av si makt tidleg på 1700-talet. Då hadde det kontroll yver heile Balkanhalvøyi, sentrale delar av Ungarn, Ukraina, kysten ved svartehavet, dei arabiske landi i Midt-Austen og mesteparten av den afrikanske kysten langs middelhavet.

Kristen sjølvhevdning

På 1800-talet frigjorde Austerrike Ungarn og russarane avanserte sudyver kring bae sidor av svartehavet. Serbia og Egypt vart meir og meir autonome, og osmanarane laut gjeva slepp på Hellas i 1829. Dei nasjonalistiske rørsrone på Balkan var sterke. I Serbia gjorde bøndene oppreist mot medlemmer av Janitsjarheren som tok kontroll og førde eit terrorregime. Fleire slutta seg til oppreisten og i 1805 søkte Serbia sultanen i Istanbul um sjølvstende. Det vart avslege. Då voks oppreisten til ein sjølvstendestridd. I 1807 greidde serbarane å vinna fram i sentrale delar av Serbia og russarane rykkte inn til studnad. Russarane vart pressa til å slutta fred med osmanarane på grunn av krigstrugsmålet frå Napoleon i 1812. Dei serbiske oppreistmennene fekk amnesti, men Serbia gjekk attende til osmanarane. Osmanarane hemnde seg på serbarane med å brenna byar og selja kvinnor og born som slavar på marknaden i Beograd. Serbarane fekk sjølvstyre innanfor eit avgrensa område i 1815 av di osmanarane var redde for russarane.

Men russarane var krigstrøyte etter krigen med Napoleon, og det skjedde

ikkje mykje i den fyrste tidi etter dette. Serbarane oppnådde status som sjølvstyrd fyrstedøme i 1829.

Russland var lite nøgd med at 13 millionar ortodokse kristne levde innanfor det osmanske riket. Russland hadde havt framgang med å trengja osmanarane attende, og difor venta dei seg at det skulde lukkast å trengja seg vidare ned til Istanbul og knekkja det osmanske riket. Dette var noko England frykta, for dersom Russland skulde trengja gjennom til Istanbul, vilde det skipla den europeiske maktjamvekta. Under krimkrigen frå 1853 til 1856 vart Russland stogga då britane og franskmennene kom osmanarane til hjelp. Det gjorde at "Europas sjuke mann", som Tsar Nikolai hadde kalla osmanarane, kunde halta vidare. Det skulde fyrst verta etter 1. verdskrigen at arveuppgjerdi etter osmanarane kunde taka til.

Men på Balkan var ikkje nokon huga på å venta på at den sjuke mannen skulde døy. Dei vilde tvert um taka seg fram so godt som råd her og no. Serbarane hadde oppgjenom saga vore sers dugande krigarar, og dei gav seg ikkje. Dei vilde fyrst ha kontroll yver eige land og so yver land som høyrde naturleg inn under Serbia historisk og territorielt.

I 1867 fekk serbarane osmanske styrkar til å draga seg attende frå fyrstedømet Serbia. Montenegro og Kosovo hadde i hundradvis av år vore det serbiske kjernelandet. Montenegrinarane ytte motstand mot osmanarane på 1700-talet og var ei liti lumma av motstand på Balkan. Muslimane tykte ikkje det var grunn til å satsa stort på å taka eit endeleg oppgjer med montenegrinarane. Dei var for fåe til at det var nokor vinning med å taka dei og for krigerske til å at dei kunde takast med småe midlar kor som var.

På byrjingi av 1700-talet førde Danilo I ein hard kamp mot osmanarane og dei slavane som hadde konvertert til islam. Han såg det som ei livsuppgåva å forsvara kristendomen. Russland godkjende Montenegro som ein sjølvstendig stat og ytte pengestudnad til denne staten. Montenegro vart modernisert kring år 1800, gamle stammefeidar og blodhemn skulde avskaffast. Montenegro kjempa saman med Russland mot Napoleon. Nasjonskalden Petar II Njegos regjerte frå 1831 til 1851 og hadde mykje å segja for framvoksteren av serbisk nasjonalisme. I det fremste verket hans, "Bergkransen" (1847), vert det fortalt um tyrkarane og tilinkjegjeringi av montenegrinske muslimar i byrjingi av 1700-talet. Montenegro vart sett inn i ein

europesk samanheng, der det gode er kristendomen og det vonde islam.

På 1830-talet var montenegrinarane på jakt etter best mogleg grøderik jord, og det førde dei i strid med osmanarane um område i Herzegovina. Njegos var eldhuga etter å hemna slaget ved Kosovosletta. Montenegrinarane byrja å sjå på seg sjølv som Serbias Sparta, og krigshugen var stor. Montenegrinarane trudde fullt og fast på at alt som vart fortalt i legenden var sant. Ein serbisk forfatter som reiste til Montenegro i 1878 uttalte at: Ein fekk ein tokke av at slaget ved Kosovo-sletta gjekk fyre seg i går. Den neste herskaren gav Montenegro ei grunnlov og sekulariserte staten. Osmanarane som rekna Montenegro for ein vasalstat sette naturleg nok lite pris på dette. Osmanarane proklamerte krig mot Montenegro. Montenegro fekk straks studnad frå Russland og jamvel frå Habsburgarane. Osmanarane hadde tapt landet, men Montenegro tok ikkje del i Krimkrigen. Det tolka osmanarane som at Montenegro var ein del av imperiet. Det fekk Danilo II til å senda brev til Europas stormakter der han proklamerte at Montenegro var ein sjølvstendig stat. I 1860 kom Nikola på truna. Han regjerte heilt fram til 1918, då Montenegro gjekk inn i Jugoslavia. I dag er Montenegro vorte ein sjølvstendig stat etter at landet i 2006 reiv seg laus frå Serbia etter ei folkerøysting. Dei fyrste sjølvstendige vali vart haldne 10. september 2006.

Når han skriv um Albania må eg segja at Resic nyttar ein frisk språkbruk. Albania kjempa mot tyrkarane frå byrjingi av 1800-talet. I nord hadde oppreistane teke til alt frå slutten av 1700-talet. Kara Mahmud av Bushati-ætti hadde frigjort sitt landumråde og vilde dana eit autonomt Albania. Umrådet hans hørde til det som i dag er Montenegro. Og her kjem den friske språkbruken: "Krig mellom montenegrinarar og albaner under 1700-1900-talen om territorium hör til de återkomande "Balkanklassikerna". Ein seinare herskar greidde å halda eit sjølvstendig territorium. Ali pasa levde frå 1741 til 1822. Han var ein illgjeten oppreistmann og styrde yver byen Janina som ligg i det som i dag er Hellas, og byen hev albanske, greske og slaviske innbyggjarar. I 1803 proklamerte Ali pasa at eit landumråde som umfatta store delar av Albania og Nord-Hellas var sjølvstendig. Men osmanarane greidde etter ein lang krig å taka Ali pasa. Dei hogde hovudet av han. Desse oppreistane som er nemnde ovanfor kann ikkje reknast

som noko samla nasjonalt opprør, men gav inspirasjon til seinare oppreistar.

Grekarane vaknar or dvalen

Frigjeringi av Hellas er interessant i seg sjølv. I Hellas hadde den gamle greske kulturarven langt på veg gjenge i gløymeboki iallfall og definitivt millom folk flest. Grekarane var sterkt prega av osmanarane i klednad, kvinnone var heildekte. Mange europearar som hadde studert den greske kulturarven frå antikken vart sterkt undrande til kor ukunnige grekarane var um sin eigen kultur. Det var inspirasjon frå greskkunnige folk utanfrå som etterkvart gav tilstøytten til at grekarane byrja å mobilisera mot tyrkarane.

Mange i Europa meinte at Hellas fortente sjølvstende. Dei mange mandige heldedådane frå antikken måtte ikkje gløymast heller reisast på nytt, Den engelske diktaren lord Byron var med i den greske frigjeringskrigen. Han var med alt frå 1823. Dei romantiske skildringane til Byron førde nye friviljuge inn i krigen. Byron døydde ikkje i slag slik som han hadde ynskt i samhøve med gamle æresideal. Han døydde derimot av sjukdom som han førde på seg på grunn av krigsdeltakingi. Storbritannia, Russland og Frankrike studde alle saman grekarane, og det var avgjerande, for grekarane hadde ingen stor arme. I 1827 knuste dei tri stormaktene den osmanske flåten ved Navarino. Det var det som gjorde den greske frigjeringi mogleg. Grekarane vilde halda fram krigen og taka meir land, men dei tri stormaktene teikna kartet for grekarane og osmanarane og sette foten ned for meir krigføring.

Austerrrike-Ungarn og uppstoda til Jugoslaviske-tanken

Kroatia og Slovenia vart utsette for sterk pågang frå Habsburgariket dvs. Ungarn og Austerrike. I det som i dag er kroatisk område vart det pressa på frå Ungarn um at det skulde nyttast ungarsk i skulane og offisielt mål radt ålment. Dette vart kalla magyariseringspolitikk. I Slovenia kom presset frå Austerrike um at tysk skulde nyttast som offisielt mål. Kroatarane bygde upp ei nasjonal rørsle som vart ei inspirasjonskjelda for slovenarane som retta smålåtne nasjonale krav i 1848-1849. I 1848 lova den habsburgske keisaren Kroatia at dei skulde få ei samanslåing av det sivile Kroatia med Slavonien og Dalmatien, soframnt dei hjelpte til med å slå ned oppreistar i Ungarn som truga heile

Austerrrike/Ungarn. Den kroatisk statsledaren var i eit dilemma. Han slæst for kroatisk fridom, men mot fridomskampen til Ungarn. Serbarar og russarar slutta seg til kroatisk styrkar. Russarane greidde å kjempa ned ungararane. Kroatia venta seg å få noko att, for dei hadde ytt sitt i striden. Dei fekk tilbod um å verta løyst frå Ungarn og verta austeriskskt kronland. Kroatia vart i røyndi berre sett på som ei brikka i eit spel i striden millom Austerrike og Ungarn. Kroatarane vart pålagde å gå yver til tysk, men dei kjempa for kroatisk som vart innført på 1860-talet. I 1867 oppnådde Ungarn ei meir sjølvstendig stoda i høve til Austerrike, og det førde til at Kroatia igjen gjekk yver til Ungarn. Ein ungarsk greve sat ved makti i Kroatia frå 1883 til 1893 og trykket mot Kroatia var sterkt på denne tidi. All kroatisk opposisjon skulde slåast ned. I røyndi vart folk oppgjevne og motstanden mot keisarriket berre voks.

Den austerriske og ungarske politikken kvevde, den kroatisk frigjeringsrørsle, men ut av denne rørsle voks det fram ein sudslavisk tanke, den jugoslaviske tanken. I spissen for denne jugoslaviske ideologien stoda den kroatisk biskopen Strossmayer og historikaren Racki. Strossmayer var venlegsinna andsynes serbarane. Det fanst òg kroatisk nasjonalistar som arbeidde for eit storkroatia, medan moderate kroatisk nasjonalistar gjekk inn for at Habsburgariket skulde organiserast som eit trippelmonarki der Kroatia skulde verta ein del av trippelmonarkiet.

Frå 1870 til 1900 dominerte dei storkroatisk tankane, men frå sekelskiftet kom det ei vending mot større oppslutnad kring den jugoslaviske tanken. Ungararane prøve stødt å så splid millom kroatarane og serbarane. Etterkvart avslørde både kroatane og serbarane at dei vart utsette for Kløyv og hersk. Dei fann kvarandre i kampen mot magyarisering. Den politiske mobiliseringi mot Ungarn vart eit problem for ungararane og det ungarske hegemoniet. Etterkvart som ungararane gjorde front mot serbarane vart stemningi berre meir proserbisk i Kroatia.

Den endelege oppgjerdi med tyrkarane

Undergangen for det osmanske riket var upplagt for utanforståande iallfall frå 1850-talet av. Frammot århundreskiftet skaut den andre industrielle revolusjonen fart. I utgangspunktet skulda det ottomanske riket mykje pengar til Storbri-

tannia og Frankrike, men den industrielle framgangen til Tyskland gjorde sitt til at det ottomanske riket byrja å skulda store pengesummar til endå eit land. Det vart etterkvart naudsynt for det osmanske riket å taka umsyn til vestlege verdjar. Religiøs diskriminering måtte taka slutt, muslimar og ikkje muslimar skulde ha lik tilgang til embete, soldatar kriga side ved side, det vart etablert eit nytt skattesystem, tortur skulde avskaffast, fengsli moderniserast. Sultanen lova dessutan å kjempa ned korrupsjon, mutor og utpressing.

Trass i ein god vilje, vart det ikkje råd for det osmanske riket å gjennomføra den moderniseringi som mange land i Europa lukkast med. Osmanarane utvikla ikkje eit moderne statsbyråkrati eller ein finanspolitikk, det skjedde ikkje nokor teknisk eller naturvitskapleg utvikling, ingi industrialisering, urbanisering og ingi sekularisering. Viktige utviklingsfaktorar i eit moderne samfund mangla kort og godt. Imperiet vart itillegg nedtyngd av ovstore økonomiske vanskar og omfattande korrupsjon millom dei rikaste embetsmennene og den lokale adelen i riket. I prinsippet vart økonomien styrd som ein palassøkonomi med sultanen i sentrum.

Balkankrigen varde frå 1912 til 1913. Den kann skiftast inn i tvo fasar. I den fyrste fasen gjekk Bulgaria, Hellas, Montenegro og Serbia saman i ein militæraliansen som vart kalla for Balkanalliansen eller Balkanligaen. Denne alliansen var sterkt misnøgd med at det gjekk so sakte med attergangen til det osmanske riket. Dei ynskte å få tyrkarane ut av Sudaust-Europa so snart som mogleg. Austerrike-Ungarn var ikkje serleg glad for denne alliansen, heller ikkje Russland. Det var ikkje i samsvar med deira interessor at Balkanlandi dreiv ut tyrkarane. Men dei vart tvinga til å finna seg i realitetane då krigen var avgjort. Det vart tingingar i

London. Desse tingingane førde ikkje fram til so mykje. Alle landi i Balkanligaen vilde ha mest mogleg av Makedonia og ingen vilde fira. Derimot vart det gjort klårt at Albania skulde verta ein sjølvstendig stat under vern frå stormaktene.

Den andre Balkankrigen vart i fyrste umgang eit oppgjær millom Serbia og Bulgaria um delar av Makedonia. Det enda med at Bulgaria vart teke på frå alle grannestatane sine. Bulgaria vart den store taparen. Serbia gjekk derimot ut med store vinstar. Landet hadde tvifalda landumrådet sitt. Serleg viktig for Serbia symbolsk og nasjonalt sett var det at landet hadde teke Kosovo attende. No hadde dei endeleg hemna slaget ved Kosovosletta i 1389.

Når Balkanstatane skulde dana nye statar eller utvida territoriet sitt, vilde dei ha område som var reine etnisk sett. Denne tankegangen hang saman med europeisk nasjonalisme, og Resic er snart til å understreka at ein slik nasjonalisme ikkje var eineståande på Balkan. Men her høver det vel å leggja til at situasjonen på Balkan var ekstrem når det galdt etniske samansetjingar millom innbyggjarane.

Fyre den fyrste verdskrigen var det klart at Habsburgarane var sers misnøgd med den serbiske ekspansjonen. Det hemma habsburgarane si framrykking sudyver og vende sudslavarane mot habsburgarane. Den sudslaviske tanken hadde vorte meir og meir aktuell mot slutten av 1800-talet. Kroatane vart drivne millom lojaliteten til Wien og presset frå ungararane. Tronfylgjaren Franz Ferdinand vilde modernisera keisardømet gjennom å skipa til ein føderasjon der Kroatia skulde vera ein del av eit trippelmonarki og der minoritetane og sudslavarane skulde ha like rettar. Men kroatane vilde heller ha eit sudslavisk rike saman med serbarane. Svein Mønnesland

hev sett fyre seg fire tenkjelege løysingar på den sudslaviske stoda fyre 1. verdskrigen. Status quo, trippelmonarki, storserbia eller sudslavisk union. Det var det siste som vart rekna for å vera det mest usannsynlege.

Jugoslavia


Krigen forsterkte derimot samhaldet millom Serbia, Kroatia og Slovenia. I desember 1918 samla dei seg i Beograd for å proklamera skipingi av kongeriket: Serbia, Kroatia og Slovenia. Det var det serbiske riksstyret som gjorde upptak til denne skipingi. På 1920-talet var det sudslaviske kongeriket skipa med 12 millionar innbyggjarar. 84 prosent av dei var sudslavarar. Staten var samansett på ein svært komplisert måte, og risikoane for framtidige vanskar var openberre. Den etniske samansetjingi var meir komplisert enn nokon annan stad i Europa, hevdar Resic. Det var ulike forventningar millom dei ulike folkegruppene. Kroatane vilde ha ein stat av sjølvstendige folkegrupper. Serbarane ynskte seg eit stor-serbia. Dei andre landi vart ikkje rekna med. Slovenia og Kroatia var på taparsida tilliks med andre. Dei samarbeidde gjerne med serbarane for å koma best mogleg ut av situasjonen.

Tilhøvet millom serbarane og kroatane vart problematisk på 1920- og 1930-talet. Det gav seg millom anna utslag i at det kroatisk partiet Ustasja vart skipa. Det spela ei avgjerade rolla i jugoslavisk politikk på 1930-talet og under 2. verdskrigen. I 1934 var Ustasja med på å få skote den jugoslaviske kongen og den franske utanriksministaren. Men serbarane heldt uppe kontrollen etter parlamentsvalet i 1935 og Jugoslavia gjekk dessutan mot å verta ein nazivenleg stat.

2. verdskrigen førde til ei oppkløyving av Jugoslavia. Tyskarane invaderte



**NYNORSK
ANTIKVARIAT**
www.nynorskantikvariat.no



Nynorsk Antikvariat AS

Hulgata 11

4900 Tvedestrand

Telefon 37 16 66 66

E-post: tinging@nynorskantikvariat.no

Antikvariatsbokhandlar

Arne-Ivar Kjerland

E-post: Arne-Ivar.Kjerland@

nynorskantikvariat.no

Mobil: 928 29 098

Jugoslavia og fekk snøgt kontroll. Motstandskampen frå serbisk sida vart førd millom anna via motstandsrørsla cetnikane. Det er framleis mykje diskusjon rundt at cetnikane kom med eit direktiv i desember 1941 som gjekk på etnisk reinsing av alle etniske minoritetar, serleg muslimar og kroatar i Bosnia. Kring 100 000 bosniske muslimar vart drepne under krigen, ein stor del vart drepne av cetnikane.

I utgangspunktet var det på tale med samarbeid millom cetnikane og Tito når det galdt frigjeringskampen frå dei tyske okkupasjane. Men kommunistpartiet vart berre meir og meir umtykt og i 1942 skifte cetnikane kurs og gjekk med aksemaktene mot Tito. Cetnikane fekk britisk studnad fram til 1944, men deretter gjekk britane yver til å stydja Tito. Ustasja-rørsla hata serbarar og kommunistar. Dei var ikkje mange, men dei var sers fanatiske. I 1941 hadde rørsla 12 000 medlemmer. Målet for rørsla var å skipa eit storkroatia. Under krigen skipa tyskaren ein ny kroatisk stat NDH. Innanfor NDH var det 1.9 millionar serbarar. Under NDH såg kroatane ei opning til å få hemn på serbarane. I 1943

forlet 300 000 serbarar NDH. 100 000 vart deporterte. Serbarane som var att vart utsette for massekonverteringar frå ortodoksi til katolisisme, yvergrep og massedrap, sume stader jamvel reine utryddingar. Ustasjarørsla var nådelaus når det galdt valdsutøving. Dei skipa utryddingslægre, stuva saman serbarar i kyrkjone deira og kveikte på deim og liknande. Til og med tyskarane vart avstygd yver den ufjelge handsamingi.

Under 2. verdskrigen vart som me hev sett dei jugoslaviske fellestankane utfordra mange gonger, men den kommunistiske motstandsrørsla vann til slutt med Tito i spissen. Tito var ein sjølvstendig herskar og var ikkje redd for å markera seg sjølv andsynes Sovjetunionen. Jugoslavia var eit relativt fritt kommunistisk land samanlikna med dei andre satelittstatane til Sovjetunionen. Tito var kroat, men hovuddelen av det jugoslaviske byråkratiet var samansett av serbarar. Det var fleire gonger upptakt til motsetnader millom folkegruppene, men kommunistpartiet slo hardt ned på alle slike utspel. Men når Tito gjekk av, vart det vanskelegare å halda Jugoslavia saman. Då kom-

munismen vart uaktuell som politisk ideologi i Europa, kom alle motsetnadene til yta att.

Jugoslavia bryt saman

Resic er berre innum krigen på 1990-talet i stutte drag. Han meiner at denne krigen må framstellast nærare, men han ser seg ikkje i stand til det i denne boki. Det er eit solid arbeid Resic hev utført. Yveralt der ein opnar boki er det tydeleg at me hev å gjera med ein mann som hev sett seg inn i det han skriv um. Han er både kunnskapsrik og dugande til å gjeva oss eit røynt innsyn i den utruleg mangfaldige saga som kann knytast til Balkan. Eg kann trygt råda alle som vil læra noko um saga til Balkan-regionen å venda seg til denne boki. Resic er framleis ein ung soge-granskar. Eg kann berre vona at Resic fær høve til å gjera fleire slike arbeid som dette. Nett når siste handi på dette arbeidet vert gjort høyrer me at Serbia gjer krav på Kosovo etter ei folkerøysting. Boki vert ikkje mindre aktuell av det.

Colum Cille - ein stridsmann for keltisk kristendom

Av Lars-Toralf Storstrand

Spyrr du nokon um Eire (Irland) sitt religiøse bakteppe, vil dei aller fleste svara at det er fyrst og fremst romersk-katolsk. I dei seinaste hundradåri stemmer no det, men frå byrjingi av var sanningi ei onnor, og langt mer spanande. Fyre den romersk-katolske kyrkja, fyre romarriket vart kløyvt og fyre den græsk-ortodokse og den romersk-katolske kyrkja skilde lag, so var det Céle Dé (Köl dæi) som rådde grunnen i Tir Na Noir. Og ein av dei mest sentrale personane her var Colum Cille - eller St. Columba, som han er vorten kjend som i andre heimslutar enn der han sjølv budde.

Kva hev so ein keltisk munk, for det var nett det Colum Cille (Cille: kyrkja sin eigen; Colum: litte duva) var, havt å segja? Um eg maktar å svara på dette spursmålet i ein stutt artikkel, er ikkje lett å svara på, men eg kann i minsto kasta eit lite ljøs yver det rådande munkesystemet i Eire og Skotland, som til liks med munkesystem andre stader i verdi var svært sentrera kring tilbeding, gransking av den guddommelege sanningi, sjølvdisiplin (men ikke på kostnad av kardinaltanken), misjon og evangelisering. I den opphavlege keltiske kyrkja brann misjonstanken sterkt - og med klårare flamme enn me er vande med til vanleg.

Keltiske munkar reiste av garde både til Tyskland og Sveits, jamvel til Italia og til Noreg, Sverige og Danmark - lenge fyre den romersk-katolske greini av kristendomen tok til å senda ut ein utsending i ny og ne.

Kven var so Colum Cille?

Soga tek til i året 521 e.k. Fødd som kongsson i O'Donnell-klanen i Donegal, i Eire, livde han eit spanande og uvanleg liv - etter det me til vanleg tenkjer når det er tale um munkar. Soga fortel um ein nobel mann, ein mann som sette seg høge mål og arbeidde trottugt for å nå deim. Ein krigersk mann, som forlet krigen og ofra livet sitt til tenest for Gud i sympati med nesten sin ein mann med glødande misjonstrong. Men som menneske flest hadde Colum Cille sine veike sidor. Han var kjend for å vera viljesterk, nidkjær og oppofrande.

Når det gjeld dei sterke sidone, kann det nemnast at han, etter det historiske skrifter fortel, hadde eit varmt hjarta - og det finst teikn som tyder på at han hadde ei profetisk gåva.

Av kongeæt

Kvar og ein som kjenner litt til sogeskriv-

ing veit at sogeskrivarane i gamle dagar ofta kunde freista å fremja sine egne heltar med di dei framstelde deim som um dei var av edel byrd. Difor kann det lett tenkjast at dette er stoda når det gjeld Colum Cille med. Men tek me fyre oss heile provrekkjefylgja som historikarar hev framstelt ad notam, let det seg vandsleg konkludera på onnor vis enn at han verkeleg var av kongeæt - både på farssida og morssida. Når det gjeld det faktum at han seinare i livet slo seg ned på øya Hy (Hie), i dag kjend som Iona, finst det eit hav av detaljar som meir enn ymtar um at det som er sagt um honom lyt vera rett.

Eitt av dei momenta som styd opp under postulatet um kongeleg opphav, er dei mange kontaktene han hadde - og som hadde mykje å segja når det galdt å byggja opp det som med kvart vart det store klosteret han heldt til i. Iona vart seinare systerklosteret til Lindisfarne, som hev ein sentral plass i Noregs-soga med, sidan dei ville forfederne våre meir enn ein gong skal ha røva og rana det.

Bardelærling

Når det gjeld utdanningi hans, veit me at han ei tid underkasta seg undervisningi til bar-

den Gernman. Bardane (derwyddi) fungera både som lækjarar, lærarar, kronikørar og poetar, og jamvel um Julias Cæsar hadde gjort deim illgjetne meir enn 500 år tidligere so var dei aldri involvera i menneskeofring. Colum Cille var sjølv ein svært habil rimsmed og det finst ei rad latinske salmar, og dikt skrivne i irsk daglegtala, som det er verifisera at han må ha skrive.

I motsetnad til den romersk-katolske tradisjonen, lagde den keltiske tradisjonen ikkje hindringar for sekulær kultur. Colum Cille sette til liks med resten av den keltiske kyrkja kulturen høgt, og tok til motmæle då kong Aidh av Eire ei stund vilde avretta alle bardane (druidane) i landet. Bardane hadde då gjort seg sjølv populære med den satiriske kvedingi si.

Prestelærling

Vidare veit me at Colum Cille sjølv var elev ved den kjende presteskulen ved Clonard-klosteret, som ligg ved Boyne. Her studera han under den irske munken Finnian. Clonard-klosteret, som var svært stort, og hadde nøgdi med munkar og studenter, fungera på mange måtar som eit universitet. Colum Cille vart verande her i ei årrekke.

Interessant nok veit me dessutan at Colum Cille under den heilage Finnian vart undervist i både det britiske munkesystemet, kjent som Candida Casa, og det walisiske munkesystemet, som var kjent som Dafyd-skolen.

Ved Clonard-klosteret fekk han umfemnande oppskuling i den edle avskrivingskunsten. Dei store kunstnariske kvalitetane hans kjem tydeleg fram i Kells-boki og ei rad andre irske manuskript.

Under tidi som student ved Clonard vart Colum Cille sjølv ordinert som presbyter; og det vert fortalt mykje forvitnelegt um den hendingi, endå sume kjeldor meiner det er ei oppdikta saga. Kor som er so gjev historia ei svært god skildring av prestetenesta i samtidi.

Nesten biskop

Den heilage Finnian, som var leidar for det store klosteret, hadde ikkje sjølv høgare rang enn presbyter. Det er like fullt likt til at han ynskte at Colum Cille skulde verta residerande biskop, slik at han kunde gjera alle biskopsoppgåvone på staden. Som ei fylgja av dette sende han Colum Cille til Etehen, som var biskop i Clonfad-klosteret ved Westmeath, og bad honom um å ordinera honom. Då sistnemnde nådde fram til Clonfad og spurde etter biskopen,

fekk han vita at biskopen var ute på markane og pløgde. Då han til slutt fann biskopen og gjorde kjent ærendet sitt, vart han motteken høfleg og venleg. Rang ordleiding i meldingi frå den heilage Finnian førde likevel til at han berre vart ordinera til prest - og ikkje til biskop.

Det vert fortalt andre stader at Colum Cille seinare aldri trakta etter å oppnå biskopsrang; og at han innpoda læresveinane sine um å ikkje vera upptekne av høge umbod, men helder syta for at dei styrde rettvist og godhjarta.

Utanfor hovudstaden i Eire, Dublin, låg det på Colum Cille si tid eit kloster. På denne staden ligg det i dag ein stor botanisk hage og ein stor offentleg gravplass. Det vert fortalt at han heldt til her femten år av livet sitt. Herifrå styrde han med kyrkjeplanting og klosterbygging på ei rad ulike stader i Eire.

Ser me dette i ljøs av at han med tid og stunder slo seg ned på Iona, er det forvitnelegt å merkja seg at mange av dei klostri han gjorde upptak til, ligg på øyar utanfor kysten. Av desse kann millom anna nemnast Lambay, Rathlin, Tory og Inishowen.

Krigerskt lynne

Med kvart som tidi gjekk, byrja Colum Cille å få hjarta for Skotland. Han var no vorten litt yver førti år, og levde dei siste nokon og tredve åri av det svært aktive livet sitt nesten eine og ålene på Iona, eller på andre øyar, eller i Skotland. Han vart heilt oppslukt av arbeidet med å evangelisera dei heidenske piktane i Nord-Skotland, og dessutan styrkja og byggja upp dei få og veike kristne busetnadene som alt fanst i høglandet.

Det finst ei rad forklåringar som er vortne framførde for å fortelja kvifor Colum Cille vende Eire ryggen. Sume meiner at det var kjærleiken til Gud og dei kristne brørne hans som dreiv honom.

Sverdmann

Jamvel um Colum Cille ikkje var framand for sverdmakti, skal han ha slutta seg til at det var viktugare å kjempa åndskampen enn å lyfta sverdet mot andre menneske. Nokre få år fyre Colum Cille kom til Skotland, hadde dei britiske skottane lide eit stort nederlag i ein krig mot piktane, folket som kjempa so vilt at dei alltid sprang tvo saman - den eine kunde finna på å kasta seg på spydet til motstandaren, medan hin gjekk på og drap honom. Piktane var eit svært stridslynt folkeslag og var serskilt kjende for vaid, ein blå farge som dei måla kroppen med fyre dei gjekk i

krig. Huglaget åt piktane skrømde folk flest, må vita, men Colum Cille let seg ikke rikka, og gjekk på med blod på tann.

Atter andre kjeldor fortel på si sida at "eksilet" hans Colum Cille på Iona slettes ikkje var av det friviljuge slaget. Årsaki til dette skal ha vore at han var ei av drivkreftene attum ein krig som førde til stort mannefall - og der det var kristne på baa sidone. Det vert hævda at meir enn tri tusund mann vart drepne. Når det gjeld denne krigen, som so mange andre, vert det fra ulike hald hævda skiftande motiv. Ei kjelda meiner at krigen vart førd for rein eigenbate - ei onnor kjelda legg til grunn usemjar um ymse åndelege prinsipp. Slaget vart ført ved Cooldrevny, som ikkje ligg so langt frå den irske byen Sligo - og dei som gjekk sigrande ut or striden var ulsterianarane, som vart studde av Colum Cille.

Same kva som er sant so må det ikkje gløymast det ålment krigerske huglaget som rådde millom folk på den tidi. Det var elles ikkje uvanleg at munkar og andre klosterbrør bar våpen, og var med i stridar og krigar.

Til Iona

Det hender ikkje sjeldan at saga vert til segn og seinare til myte. I prosessen vert det lagt til og drege frå, og det finst mange parallelle sogor som fortel um desse særskilde tildrivi kring Colum Cille. Ei av desse sogone fortel at Colum Cille, i beste keltiske tradisjon, konsultera anamcaraen sin etter krigen var førd til endes. Amcaraen var ein annan person som fungera som kombinasjon av sjelehyrde, åndeleg rettleidar og mentor. Denne anamcaraen, som heitte Molaise, budde då på øya Inismurray, ei mil utenfor kysten av Sligo. Grunnen til at han budde her kann vera at ei synodesamling hadde utvist eller bannlyst honom. Dette vert i alle fall nemnt i ei onnor saga som ser ut til å vera realistisk, jamvel um ulike kjeldor gjev ulike forklåringar på utvisingi. Atter andre kjeldor fortel at det seinare kom for dagen at utvisingi var urett.

Kor som er, det vert sagt at Molaise skal ha pålagt Colum Cille som botsgjerning å gjeva seg til å evangelisera millom piktane heilt til dess at han hadde vunne like mange sjeler for Gud, som det var umkomne menneske i krigen.

Poetisk nok vert det fortalt at Colum Cille og dei tolv læresveinane hans fyrst gjekk i land på øya Oronsey; men då dei oppdaga at dei framleides kunde sjå kysten av Eire frå det høgste punktet på øyi, steig

dei på nyo ut i båtane og før vidare til Iona der dei slo seg ned - etter å ha forsikra seg um at Eire ikkje lenger var synleg frå det høgste punktet.

Eigedomretten til øyi

Soga kann vidare fortelja at han fekk eigedomretten til øyi frå ein fjern skylding som på den tidi rådde yver eit småkongedøme på Skottlandskysten. Det finst dessutan opplysningar som tyder på at det alt fanst ein liten kristen busetnad på øyi då Colum Cille og fylgjet hans slo seg ned der. Same kva er namnet Iona for all ettertid knytt til Colum Cille og arbeidet hans.

Årstalet som vert tilskrive landnåmet på Iona er 563 e.k. Etter å ha bygd ei liti kyrkja og nokre bukvarter for seg sjølv og læresveinane, og organisera det vesle samfundet, tok han stutt tid etter til å arbeida millom britane i Dalriada, på skottlandskysten. Målet var som tidlegare nemnt å kristna piktane - som var til plåga for hans egne menn.

Piktane

Piktariket var på denne tidi eit stort rike, og kongen Brude, son åt Mailcon, var svært mektig. Hovudfortet hans låg ikkje langt fra Inverness. Colum Cille reiste saman med tvo av fylgjesveinane sine for å vitja kongen. Dei tvo var sjølv piktar, um enn av det irske slaget, og baa fekk seinare viktuge rollor i striden um å kristna piktane i Skottland.

Den eine heitte Comgall, og vart seinare abbed i klosteret ved Bangor i Down. Hin heitte Cainnech, som seinare hev gjeve namn til den store katedralen i Kilkenny. I Skotland vart sistnemnde kjend som Kenneth, og når ein tenkjer på dei mange kyrkjone som er oppkalla etter honom i Skotland, er det ikkje usannsynleg at han sjølv vart rekna som Colum Cille sin "næstkommanderande."

Då munkefylgjet nådde kong Brude sin busetnad, vart dei møtte av stengde dører, men segni fortel at låsane opna seg på mirakuløs vis - slik at fylgjet kunde marsjera rett inn.

Det vert i det heile fortalt tallause sogor um mirakuløse hendingar frå livet hans Colum Cilles, og jamvel um dei færraste av deim kann ettervisast empirisk, er dei so rike på detaljar at kyrkjehistorikarar meiner det er stor sjanse for at nokre av sogone held vatn. Men det kann like godt tenkjast at det er tala um reint bilætlege forteljingar. Bruken av bilæte i undervisningssamanheng var på ingen måte framand for

keltarane.

Historia fortel dessutan at kong Brude vart handfallen av det som hende og tok i mot misjonæranne med store age. Han sagde frå seg heidenskapen og let seg døypa.

Då kongen tok i mot Jesus, fylgde folket snøggst etter, slik det var vanleg millom keltarane.

Piktarreligionen

Korleides var so det religiøse livet millom piktane? Kven tilbad dei - og på kva for måtar gjekk denne tilbedingi fyre seg? Dei som hev granska dette serskilde folket og bakgrunnen deira hev slutta seg til at det generelt ikkje var store skilnaden frå gudedyrkingi millom skottane i Eire (sic!). Det er difor vanleg å sjå baa folkeslagi under eitt, når det kjem til det religiøse.

Problemet er at ein ikkje veit stort meir um den irske eller skotske gudedyrkingi, og det finst ikkje skrifter som skildrar henne i detalj. Det er difor ikkje usannsynleg at det ikkje fanst store mytologien å tala um.

Ein av de fremste spesialistene på området var dr. James Henthorn Todd, som no er avliden. Han slutta seg til at dei ikkje hadde nokon personifisert guddom eller personlege gudar. Dimed er det ikkje sagt at dei ikkje tilbad noko. Det finst indikasjonar på at både soli, månen, stjernone, havet, elvane og innsjøane, skyane, fjelli og trei vart æra, men ein veit ikkje um desse stadene vart sedde på som bustader for "gudane" eller ikkje.

Druidar og ikkje

På dette punktet er det viktugt å hevja fram ein skilnad. Det fanst tvo slag druidisme i den keltiske verdi - men ofta er desse

vortne sausa i hop i ein sereigen synkretisme. Piktane sine druidar (druardh) og druidane på Julius Cæsar si tid var ulike på mange måtar.

Dei fyrstemnde druidane var nokre slags "medisinmenn" som nær sagt kann jamførast med shamanar eller trollmenn. Men dei hine druidane, som tidlegare nemnt, femnde um både lærarar, vismenn, historikarar, skaldar, lækjarar osv. Det er likt til at det kom upp ei umfemnande kløyving millom druidane på den tidi då evangeliet nådde England, der den eine gruppa bøyde seg for Ordet, medan ei onnor gruppa svara med å verta ekstremistiske hin vegen. Det er dessutan verdt å merkja seg at dei mange steinsirklane og steindyssene som finst i England, Skotland, Wales og Eire no for det meste er rekna som gravmonument - ikkje som tempel for tilbeding, slik ein tidlegare hev trutt.

Ser me nærare på druidane, slik Colum Cille fortel um dei, fær me eit langt sterkare bilæte av trollmenn enn av presteskap, menneske som med hjelp frå demoniske makter kunde styra naturkreftene. Denne sereigne formi for druidisme var på mange måtar ein skræmslebasert religion, der dei nytta mystiske krefter, eidar, trolldom og messande song for å driva burt vonde ånder eller styra og kontrollera desse "energiane" mot fiendar.

Mirakeltidi var ikkje umme

Granskar me soga, so ser me korleides dei fyrste kristne møtte desse kreftene og dei som nytta seg av deim. Det vert sjeldan lagt vinn på konfrontasjonar i den tydingi at ein protesterer mot dei, men dei sanna dei som det dei var - vonde åndsmakter. Colum Cille, vert det fortalt, gjorde aldri nokon

Kjøp demokratiske appelsiner!



 **NORSK ISRAEL SENTER**
mot antisemittisme

www.norskisraelsenter.no

Tlf: 6992 1422

NIS-info

Bladet for deg som:

- Vil vita meir um Israel og jødedomen
- Ynskjer meir kunnskap um assyrarar, koptarar, kurdarar og andre folkeslag som dagleg vert tynte av arabiske okkupantar
- Etterlyser meir sakleg og balansert informasjon um stoda i Midtausten
- Et Jaffa-appelsinar og Carmel-potetor med god appetitt og godt samvit!

NIS-info vert fritt sendt til 20.000 husstandar.

Friviljugt støtteabonnement kr 250.

Kontakt oss på post@norskisraelsenter.no eller *NIS-info, Seljevegen 18, 1825 Tomter, Norway.*

B



ISSN-1503-2469

Frå fyrre sida...

freistnad på å motprova druidane eller nækja deim - slik det ofta vert gjort mot vonde åndsmakter i vår samtid. Colum Cille og læresveinane hans hev ikkje nokon stad freista å burtforklare "mirakli" og "undergjerningane" som motstandarane deira stod attum, men stod i beste Mosesstil fram og gjorde større under som trollmennene ikke kunde kopiera.

Eit døme frå saga om Colum Cille er då han gjorde kjent for kong Brude at han skulde fara - og kva tid. Ein mektig druide som heitte Broichan protestera og sagde at han ikkje kom til å kunna reisa denne dagen, av di han (Broichan) skulde kalla på ein mektig motvind og myrkre frå fjelli. Colum Cille svara at Gud hev full kontroll - og at han bøygde seg for Guds vilje.

Då dagen rann, kom både vinden og myrkret, slik druiden hadde sagt dei skulde, men Colum Cille sette seg i båten, gav ordre um å heisa segl, og so sigla han burt - motvinds - til folket si store undring.

Dei sokeskrivarane som skriv um dette gjer ingen freistnad på burtforklára korkje vinden eller myrkret, eller det at Colum Cille sigla burt mot vinden.

Barnsleg ovtru

Det finst ingen veg utanum den konklusjonen at både keltiske misjonærar og kyrkjefedrar sjølv trudde med einfeld, akseptierende tru på slikt som i dag ofta vert vurderer som barnsleg ovtru. Men for han som trur på det nye testamentet og undergjerningane som både Jesus og læresveinane gjorde - skulde det ikkje vera uråd å lata seg yvertyda um at Gud gjorde "umoglege" inngrep for å stydja upp um vitnemålet.

Ein må kunna slå fast at evangeliseringi av piktane var den største vinningi for misjonsmannen Colum Cille, men diverre er det få av annalistane hans som legg serleg



Keltisk kross

vinn på dette. Dei fleste legg mest vinn på det arbeidet som vart gjort på Iona, som er viktugt nok i seg sjølv, og det same gjeld tenesta på dei ulike øyane i Vesthavet og i Skotland, jamvel i Eire.

Ihuga og oppofrande

Dei fleste av kronikørane hans Colum Cilles nyttar litt plass på å fortelja kor ihuga han var. Han var glødande engasjera og lett å øsa upp. Det finst like fullt andre karakterdrag som er vel so viktuge. Det er eit historisk faktum at han ikkje tok serleg omsyn til seg sjølv. Han hadde eit hjarta som banka for brørne og han brann for å fremja evangeliet - han var ein menneskeven av dei sjeldsynte. Tek me alt dette med i reknestykkjet vert det lettare å skyna den ovstore voksteren som samfundet på Iona og ved Lindisfarne opplivde.

Diverre finst det ikkje noko bilæte som fortel korleis Cilles eigenleg såg ut. Irske "kunstnarar" var på denne tidi lite upptekne av å framstella bilæte av menneske generelt. Historikaren Thomas Carlyle skriv at han lenge hev ynskt å finna ei illus-

trera framstilling av andlitet hans, og "om ikke en betydelig troverdig fremstilling, så i det minste en som er ærlig. Ofte har jeg funnet et portrett langt mere betydningsfullt enn et halvt dusin biografier, eller kommet til den konklusjon at portrettet er den lampen som kaster et lys over biografien mens jeg studerer den. Dette fordi personen da ikke lenger er et fantasifoster, men stiger fram og blir kjøtt - istedet for bare rykter."

Noko å læra?

Sidan me ikkje hev noko sovore bilæte, korkje teikna eller måla, lyt me halda oss til det som hev vorte skrive ned. Diverre hev me helder ikkje her so mykje å byggja på, for skildringane er ikkje serleg utmålande.

Èi kjelda fortel at han "såg ut som ein engel", medan ein annan fortel at "gleda alltid stråla ut frå andlitet hans, og spegla att den gleda som Den Heilage Ande hadde fylt i hjarta hans."

Sumtid vert det hevja fram at han hadde ei malmfull og klingande røyst, og at ordi alltid var tydelege og klære når han song salmar og hymner eller forkynte Ordet. Andre indisium peikar på at han var kroppsterk og energisk.

Ser me på framstillingane av dei mentale, moralske og åndelege sidone hans, fær me eit mykje skarpare bilæte. Han var ein sterk leidar, ein gründer, for å nytta nokre populære umgrep frå vår eigi tid. Han var ein praktkar, og jamvel um han var kjend for å kunna vera både øsen og oppfarande, so vert han skildra som ein mann som er mild i sinn og venleg, ein mann som lett kunde setja seg inn i andre si stoda.

Til sjuande og sist kann me konkludera med at det finst mykje å læra både av og um Colum Cille, ja, kanskje det ligg mykje å henta i den gamle keltiske kyrkja - som me berre ikke hev vore klår yver?

Målmannen er avhengig av folk som skriv høgnorsk. Kom gjerne med stykkje og innlegg til bladet!

Attende til: Målmannen, Natland stud. by S136, 5081 Bergen

Sluttordet:

Alt som skal til for at uretten sigrar er at gode menneske inkje gjer.

Ukjent opphav